



Uio • Universitetet i Oslo

Ei samling blir til

Ein studie over oppbygginga av museumssamlinga ved Nordfjord Folkemuseum

Karoline Stubberud Eide

Masteroppgåve i museologi og kulturarv
MUSKUL4590 (30 stp.)

Institutt for Kulturstudier og Orientalske språk
Det Humanetiske fakultet

Haut 2020

Samandrag

Denne teksten tar føre seg museumssamlinga til Nordfjord Folkemuseum, og korleis den vart bygd opp. Der den går gjennom oppbygginga av museumssamling frå oppstarten i 1908, opninga i 1920 og fram til museet flytta på byrjinga av 60-talet.

For å kunne finne meir ut av korleis innsamlingsprosessen var har eg sett på kjeldematerialet ut i frå same framgangsmåten som Hooper – Greenhill brukar i sitt arbeid (1992). Hun ser på historia ut i frå tidas eigen konsept om kva som er rasjonelt. For å svare på dette bruker ho eit av verktøya til Foucault, «effective history». Dette verktøyet prioriterer avburd, bråe forandringar og forstyrringar, for å forklare kvifor ting er som dei er.

I 1907 vart det lagt frem eit ønske frå Frida Ungdomslag om å få i stand eit museum for heile Nordfjord. Nordfjord Sogelag var skipa i 1908 for å arbeide med å bygge opp dette museet. Ein starta med å samle inn antikvariske bygningar og samle inn gjenstandar.

Plane for museet var ein skulle samle inn bygningar som skulle setjast opp som eit typisk nordfjordtun, men det vert aldri eit fullstendig Nordfjordtun i museets første periode.

Samlinga bestod stort sett av innhus, uthusa vart ikkje samla inn før etter denne perioden. Fordi om planen ikkje ver på plass var stort sett innsamlinga av bygningar under kontroll, men med gjenstandane derimot, hadde man nok ikkje like god kontroll. Det var mange innsamlingskanalar, slik at museet fort vart fylt opp, og man begynner å få problem med å ta vare på gjenstandane, og med å få vist dei frem på ein ordentleg måte.

Eg tenker at ein av den største grunnen til at museet vart som det vart, var at det ikkje var nokon utpekt leiar, man hadde ein styreleiar, men ingen som var fulltidstilsett, som hadde hovudansvaret for den daglege museumsdrifta. Det var mange som hadde ein stemme og det fantes ut i frå det eg kan sjå ingen klare plan for innsamling av bygningar og gjenstandar. Men på grunn av dette så får eg følelsen av at samlinga viser eit demokratisk museum, der alle hadde moglegheit å vært med å forme museet. Det var fleire som hadde noko å sei for kva som var viktig å samle inn og da vill eg sei at man har eit museum som ein kan sei representer Nordfjord.

Forord

Tanken på å skrive ei master oppgåve, må eg sei har vært skummel og litt overveldande. Så eg har til tider skjøve denne tanken framfor meg, samtidig som eg har tenkt at eg har god tid og snart vil ein ide falle på plass. Men tida gjekk alt for fort og ideen kom ikkje så lett som eg hadde håpet. Etter kvart begynte ein tanke å forme seg til noko det gjekk an og skrive om. Skriveprosessen har vært spennande, men den har og vert tung der eg har veksla mellom å tenke at dette greier eg aldri, til at eg gleder meg til å bli ferdig, så eg kan begynne å sjå kva dette vaksenlivet går ut på.

Denne oppgåva skreiv seg ikkje av seg sjølv, eg hadde mykje hjelp, så eg vil derfor takke rettleiaren min Bjørn Sverre Haugen, som har vært ein stødig person i denne perioden, han kom med mange gode råd og har oppmuntra meg heile vegen, sjølv om han til tider må ha lurt på korleis dette skal gå. Så vil eg takke Anne Kristin Moe museumsleiar ved Nordfjord Folkemuseum, som sa at det ville vere flott om eg skreiv oppgåva mi om museet. Av museet fekk eg dei fleste utgåvene av Årbok for Nordfjord, og eg fekk lov til å kome og sitte på museet for å sjå gjennom arkivmateriale. Eg vil og her takke resten av dei tilsette ved Nordfjord Folkemuseum som fekk meg til å føle meg velkommen og som hjelp meg då eg kom med spørsmål, og let meg få ta del i samtalen rundt lunsj bordet. Eg vil og takke for den flotte moglegheita til å få jobbe på museet i sommar.

Nokre av dei viktigaste støttespelarane mine var studiekameratane mine, og da vil eg spesielt nemne Alvhilde, Solveig og Line. Vi har hold saman og støtta kvarandre heilt sidan vi var dei som var første møtt opp til første forelesning på masterstudiet. Dykkar har verkeleg vært ein stor del av det som har gjort desse åra til ein flott tid, og eg håper at vi fortsett vil holde kontakten nå når vi er på veg ut i arbeidslivet.

Til slutt vil eg takke Mamma, Pappa og veslebror, som eg har prata med kvar dag, og som holt ut med meg då eg var heim under korona epidemien. Dei dei var der dei gongane eg var frustrert, dei høyre ut ulike teoriar og hjelpt meg med å plassere stadnamn riktig. Dei måtte fleire goner minne meg på at «du går jo master nå, så såpass må du forvente!».

Tusen takk alle saman!

*Karoline Stubberud Eide
Desember 2020*

Innhald

Samandrag	1
Forord	2
Innhald	3
Innleiing	4
Folkemuseum	5
Teori	11
Metode	13
Arbeidet med materiale	14
Prøving og utfordringar i skriveprosessen.....	16
Museet og det omhandlande området	16
Museets historie.....	16
Nordfjord.....	21
Samlinga	23
Innsamling av antikvariskebygg.....	29
Starten	29
Etter opninga.....	35
Innsamling av gjenstandar.....	43
Innsamlingspraksisen	45
Gjenstandane i samlinga	50
Oppsummering og konklusjon	52
Kjelder	54
Upublisert arkivmateriale frå Nordfjord Folkemuseum	57
Katalogpostar	59
Biletkeitering.....	59
Vedlegg 1: Oversikt over kommunane i Nordfjord	59

Innleiing

Eg trur at mange nordmenn sitt første møte med eit museum, er eit besøk på eit folkemuseum. Med bakgrunn i det Anne Eriksen (2009: 69) skriv, at folkemuseum er den dominerande museums forma i Noreg, så tenker eg at den store majoriteten i Noreg har eit folkemuseum som sitt nærmaste museum. Dette gjelder i alle fall i mitt tilfelle.

Eg vaks opp på vestlandet i Gloppen kommune, der vi også finn Nordfjord Folkemuseum. Museet låg mellom barne- og ungdomsskulen på Sandane, det vart derfor naturleg at vi som skuleelevar besøkte museet fleire gonger under skulegangen. Vi fekk sjå dei midlertidige utstillingane og ta del i forskjellige aktivitetar. Størstedelen av museet er eit friluftsmuseum, denne delen var ein flott park som var eigna til forskjellige aktivitetar, der vi kunne opphalde oss i gymnastikktimane. Spesielt hugsar eg at vi ofte leikte spark på boks blant dei antikvariske husa på museet.

Då eg var yngre, tenkte eg ikkje spesielt på dette som museum, heller ikkje at det fants andre typar museum. Eg tok det for gitt, og eg skjønnte nok ikkje kvifor det stod der og kva husa representerte. At museet var ein innsamlingsstad som skulle ta vare på eldre gjenstandar, var eg nok ikkje klar over.

Så nå når eg no er eldre og har vorte mykje meir interessert i historie og kulturarv, så ønskjer eg derfor å undersøke det lokale museet mitt nærmare.

I denne oppgåva vil eg komme nærmare samlinga til museet for å forstå korleis ho har vorten til. Eg ønskjer å sjå på oppbygginga av museumssamling til Nordfjord Folkemuseum frå oppstarten i 1908 til opninga i 1920 og fram til museet flytta på byrjinga av 60- talet (Ommedal 1995: 47,53,63).

Eg vil sjå på samlinga til Nordfjord folkemuseum med hjelp frå framgangsmåten Hooper – Greenhill brukar i sitt arbeid (1992), der ho ønsker å utfordre dagens forståing for kva eit museum er, for å finne nye måtar å skrive og forstå historie på. Hun ser på historia ut i frå tidas eigen konsept om kva som er rasjonelt. Eg vil i oppgåva undersøke kva praksis dei hadde med innsamling av gjenstandar til museet, korleis gjennomførte dei det og kva vart tatt inn i samlinga? Hadde man ein plan frå byrjinga og vart den følgt? Vart det ein endring i kva ein ønskte å formidle med dette museet? Materialet eg har valt å ta utgangspunktet i, er dei tidlege protokollane, med oversikt over innkøst av gjenstandar til museet, samt å sjå på korrespondanse museet i denne i starten av denne perioden

I denne oppgåva vil eg først gi ein introduksjon til kva folkemuseum er og utviklinga av denne museumstypen i Noreg.

Når denne introduksjonen er ferdig, vil eg byrje oppgåva. Eg vil først presentere teori og metode, for så å presentere sjølve eksempelstudiet, der eg går gjennom ein enkel gjennomgang av historia til Nordfjord Folkemuseum. Eg vil og gi ein oversikt over Nordfjord, området museet skal forvalte og formidle historia til. Når alt dette er presentert, byrjar sjølve oppgåva. Eg vil her gå gjennom innsamlinga av antikvariske bygningar og gjenstandar til museet samling frå dei starta arbeidet med museet til det vart flytta på 60-talet.

Folkemuseum

Dette er ein museumstype samansett av friluftsmuseum med gamle bygningar, kombinert med systematiske kulturhistoriske samlingar. I folkemusea står dei eldre tiders folkekultur sentralt, som i byrjinga vart identifisert av bondekulturen, som vart sett på som den eldste og mest ekte. Musea vart fylte opp av eldre bygningar og gjenstandar frå vanlege folk, og viste livet på landet, i det førindustrielle samfunnet. Folkemusea er ein museumstype som har opphav i Norden frå slutten av 1800- talet (Eriksen 2009: 75-76, Rentzhog 2007:93, Shetelig 1944:191). Det som reknast som det første folkemuseet er Nordiska Museet i Sverige, som vart grunnlagt i 1873. Det første friluftsmuseet er derimot rekna for å vere Kong Oscar IIs samlingar (Eriksen 2009: 71, Rentzhog 2007: 15).

Nordiske museet var skapt av den tidlegare læraren Arthur Hazelius, som grunnla museet i 1873. Han kjøpt så område på Skansen der museet opna i 1891. På Skansen i Stockholm, då nærmare bestemt kongsgarden Djurgården, hadde han skapt eit Sverige i miniatyr, der det vart samla inn hus frå heile Sverige og gjenstandane vart vist fram i verkelegheits tru folkelivsbilete. Eit ønske var å samle alt frå gamle Sverige, der heilskapen var viktig, alt spelte ei rolle: landskapet, husa, gjenstandane og klede (Rentzhog 2007: 15-19,25). Med dette museet endra ein kva for type historie som vart formidla, det gjekk i frå å handle om politikk og viktige personar, til heller å fortelje historia til vanlege folk. I Hazelius museum vart det samla inn gjenstandar som tilhøyret vanlege menneske, i første omgang bondekulturen, men snart frå alle samfunnsklassar frå dei fattigaste til dei rikaste. Dette førte til ei demokratisering av historia, samtidig som Hazelius innførte lengre opningstider, slik at det vart lettare for alle innbygarane i Sverige å komme innom (Rentzhog 2007: 15-19,25).

Det Nordiska museet var det første folkemuseet som kombinerte gjenstandsamling med friluftsmuseum, men det var i Noreg ein sette opp det første friluftsmuseet. På Bygdøy starta det med at ei gamal stavkyrkje frå Gol vart kjøpt inn av Fortidsminneforeininga i 1881, Kong Oscar II let kyrkja bli reist på Bygdøy Kongsgard. Kongen let og Kammerherre Christian Holst få setje i gong med å samle inn bygningar, som kunne danne eit «historisk museum fra Norges Selvstæenheds Gjenføelseunder det nuværende Dynasties styrelse». Dette førte til at det vart samla inn fleire gamle bygningar på Bygdøy (Hegard 1982: 32, Shetelig 1944: 194 - 196). Husa vart flytte ikkje berre for estetiske innslag i hagen, men for at ein kunne ta vare på dei og for å kunne vise til offentlegheita. Kammerherre Christian Holst hadde forvaltningsansvaret for samlinga, han samarbeidde med Nicolay Nicolaysen som var leiar i *Foreiningen til Norsk Fortidsminnemerks Bevaring*. Det var Nicolaisen og foreininga som tok initiativ for å flytte bygga til Bygdøy (Rentzhog 2007: 35, 57-58). Holst sin ide for parken var noko nytt i forhold til andre kongelege parkar, for i andre land finst det etterlikningar av historiske bygg, men på Bygdøy var det heilt autentiske (Bäckström 2012: 95). Her var det bygningane som stod i fokus, ikkje innsamling av gjenstandar.

Ideen bak Nordiska museet og kong Oscar IIs samling var ikkje ein ide som oppstod ut av ingenting (Rentzhog 2007: 35). Folkemusea skjedde som ei følgje av den nasjonalromantiske bølga som hadde vore viktig i perioden før, som var synleg i den romantiske kunsten og i litteraturen. I Noreg kom dette spesielt fram i Adolph Tidemand sine bilete, Asbjørnsen og Moe sine innsamlingar av folkeeventyr og Bjørnson sine bondeforteljingar. Dette var starten for ei ny og større interesse for livet i bygdene (Shetelig 1944:191). Dette kunne ein også sjå i den nye akademiske disiplinen som vaks fram på 1800-talet, etter den franske revolusjonen, vaks det frem eit nytt type museum, det offentlege museet. Musea var sett på som eit apparat ein kunne bruke til å utdanne befolkninga, folket skulle nå får ta del i den kunnskapen som før berre var open for eliten. Dette var ei tid for oppkomsten av dei humanetiske studia (Hooper-Greenhill 1992: 18, 171,174). Det er også ei større interesse fram til 1880 for private samlarar å samle på desse norske kultur artefaktar, men desse var gjerne gjenstandar av høg kunstnarisk verdi, som berre nokre få i samfunnet hadde tilgang på. Det vart og tatt inn gjenstandar frå den norske bondekulturen i dei kulturhistoriske samlingane ved musea i Bergen og i Oslo. På 1870-talet oppretta dei Universitetets Etnografiske samling og Kristiania Kunstindustrimuseum (Hegard 1982: 14). Musea kom i ei tid der samfunnet var i endring, det var ein tid for modernisering som førte til store forandringar. Då forandringane først skjedde, så skjedde dei fort og derfor var gamle gjenstands – og bygningskulturar og

handverkskompetansen i ferd med å forsvinne, og det vart om å gjere å ta vare på det før dette skjedde (Eriksen 2009: 74, Hegard 1982:14). Så dette var ein periode som var klar for å ta imot folkemusea, interesse for bygdekultur og det folkelege var der alt, så det var ikkje noko nytt som resten av samfunnet måtte venne seg til.

Ein av dei store inspirasjonane til sjølve utforminga av museet var dei store verdsutstillingane frå midten av 1800-talet (Eriksen 2009:71). Ei utstillingsrørsle vart sett i gang frå slutten av 1700-talet, dette var bygd opp frå tankane etter ideal frå opplysningstida om å demokratisere og spreie kunnskap (Brenna 2003: 47-48). Verdsutstillingane vaks ut av desse tidlege utstillingane, den første vart halden i London i 1951. På denne utstillinga fekk kvart land stille ut sine produkt, oppfinningar og varer typiske for landet. Utstillinga feira framstega til vitskapen, teknologien og menneskeslekt. Etter kvart fekk desse utstillingane eit meir nasjonalt særpreg. På utstillinga i Paris 1867, vart dei ulike nasjonane oppfordra til å setje opp eigne paviljongar med bygningar med typisk nasjonal byggjeteknikk, det var ein park med innslag frå mange forskjellige land. Noreg stilte ut ei stabbur, dette stabburet var det første norske utstillingshuset. Frå Sverige stilte dei ut ein kopi av Ornässtugan, og dei hadde ein eigen restaurant i nasjonal stil der svensk mat vart servert av servitørar i nasjonaldrakter. (Brenna 2003: 48-49, 58, 61 Eriksen 2009: 71-72, Rentzhog 2007:36).

Ein annan inspirasjon var dei romantiske hagane, då spesielt med tanke på utviklinga av friluftsmusea. I disse hagane fanst det grotter og ruinar, som karakteristisk element i hagen. Desse historiske og naturlege elementa skulle fungere som stemningsskapande, dannande element av emosjonell og moralsk art. Ved forgjengaren til friluftsmuseet vart det i staden for plassert gamle bygningar frå den nordiske bondekulturen i parkanlegga og hagane, men det var med det same formålet (Eriksen 2009: 71). Ein slik type hage vart oppretta i Oslo, det var ei del av ein større privat samling av nasjonale kulturminne på Frognersetra på 1870-talet, til forretningsmannen konsul Ths. Johs. Heftye. Han var tidleg ute med å kjøpe inn gamle bygningar og setje dei opp på eigedom. Bygningane var då berre eit stemningsskapande element i ein hage der borgarklassen kunne få fred og ro, borte frå den urbane hovudstaden (Shetelig 1944: 193). Hovud fokuset var ikkje det same som ved Kong Oscars IIs samlingar, der mykje av motivasjonen var å ta vare på bygningane for offentlegheita.

Nordiska museet kan seiast å vere det første store folkemuseet, som inspirerte til utbygging av liknande museum i fleire land, i Norden kom det svært tidleg der liknande museum vart grunnlagde i Danmark og i Noreg. Ideen om folkemuseum spreidde seg vidare utover i

Europa, der det vart diskutert museumsdanningar i Tyskland, England, Austerrike-Ungarn, Russland og, Polen. I Nederland kom eit av dei første større nasjonale folkemusea utan for Norden og det vart.. (Rentzhog 2007: 16,43-45,48-49,97)

Av dei mest sentrale Folkemusea i Noreg er Norsk Folkemuseum på Bygdøy og Maihaugen på Lillehammer (Eriksen 2009: 69,92), som inspirerte vidare museums grunnleggingar over heile Noreg.

Hans Aall er mannen bak Norsk Folkemuseum, han arbeidde som konservator hos Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum i Trondheim. Noko av arbeidet gjekk ut på å reise rundt for å samle inn norsk folkekunst til museet. Under ei reise forstod han det var gale berre å ta vare på det ein rekna for å vere vakkert, han meinte at ein også måtte ta vare på andre aspekt frå livet i gamle dagar som var alminneleg og ikkje estetiske. Han tenkte at det måtte kunne gå an å byggje opp eit museum som skulle huse slike gjenstandar frå heile landet. Med inspirasjon frå Nordiska Museet tok han initiativet til å arbeide for dette museet.

Stiftingsmøtet vart halde i april 1895, då vart Aall vald til sekretær, same året vart han utnemnt til konservator, og i 1904 vart han direktør for museet (Hegard 1982: 153). Tomt til museet vart kjøpt i 1898, som var lokalisert rett ved Kong Oscar IIs samling. Etter unionsoppløysinga med Sverige er det ikkje lenger Kong Oskar II som har eigedomsretten til Kongsgarden på Bygdøy, og kongen krev heller ikkje noko erstatning for dei antikvariske bygga i samlinga, så dei følgde tomte. På hausten 1905 tilbyr Norsk Folkemuseum seg å overta bygningane, samanslåinga av Norsk folkemuseum og Kong Oscar IIs samling vert markert ved nyopninga den 1. juni 1907. Før opninga vert Universitetets si Etnografiske Samlings sitt norske materiale, forutan hovuddelen av oldsakssamlinga etter reformatoriske gjenstandar, deponert til samlinga ved Folkemuseet (Hegard 1982: 164,173-174).

I den første av byggjeplanane frå 1897/1898 var planen å plassere bygningane spreidd på museumsområdet med plass til at publikum kunne spasere mellom dei. Det var ikkje snakk om tun før i 1906, først i 1941 kjem det fram ein plan om organisering av friluftsavdelinga i 15 enkelttun. Hans Aall skriv sjølv at museet no ikkje lenger må vere ei samling av gamle bygningar, men at han ønskjer å setje dei saman til heile gardar som viser karakteristiske tun frå dei ulike dalføre og kulturkrinsar (Hegard 1982:180-181). Folkemuseet skulle bevare det bilete av korleis det såg ut dei siste hundre åra i Noreg, ved å ta vare på byggjeskikkar, innbu, husgeråd, drakter osv., for å ta vare på dei minna som etter kvart ville forsvinne. Det var som mål å samle ting og bygningar som viste karakter til forskjellige bygder, eldre bygningar med interiør som hørte til. Det var også eit ønskje om å få sett opp eit bygg der ein kunne vise

fram bilete av livet i dei høgare klassar og å vise gjenstandar og reiskapar i typologisk kronologi (Shetelig 1944: 214- 215).

Anders Sandvig vart tannlegen frå Møre som kom til Lillehammer i 1885. Då han kom dit vart han interessert i å ta vare på gjenstandar frå området, i staden for at dei kom til samlingar i dei større byane eller vart førte ut av landet. Han vart ein ivrig samlar, etter kvart vaks samlinga og han måtte etter kvart skaffe seg ein større eigedom som kunne huse samlinga. Han begynte i 1894 å kjøpe inn bygnadar og hadde som mål å få samla alle hustypar som tilhøyret byggeskikken i dalen (Shetelig 1944: 204 -205). Med samlinga ville Sandvik ta vare på gjenstandar frå eldre tid, fordi det viste godt handverk og estetikk. Ved å ta vare på dei på eit museum kunne ein gi befolkninga førebilde på kva som var godt interiør og godt handverk. Han meinte at dei gamle husa og gjenstandane er eit resultat av flid og sparsamt innstilling, samlinga blir derfor ein hyllest til arbeidet og vart eit godt førebilete til dei besøkande (Pedersen 2005: 24- 25). Sandvik ønskte med museet sitt å fortelje historier, for han var det viktig at dei besøkande fekk ei forståing av korleis folk før i tida levde. Han la vekt på heim og familie, som førte til at bygga ikkje berre var innreidde historisk korrekt, han ville også vise kven som budde der, publikum skulle kunne sjå personane som hadde levd der og kva dei gjorde. Sandvik vektlegg i mindre grad kunnskap i systematisk form, for han var det viktigare med heilskapen, som innebar at formidlinga var viktigare enn historiske autentisitet (Pedersen 2005: 17,28).

Etter at desse musea vart grunnlagde, vart det i tida etter og utover byrjinga av 1900-talet oppretta ei rekke lokale folkemuseum over heile landet, med inspirasjon frå desse to institusjonane. Dei nye musea er resultat av det Ågotnes (2007: 51) kallar «Folkemuseumsparadigme», Ågotnes viser til korleis folkemusea i landet er påverka av kvarandre, han meiner at det er ikkje det lokale særeigne som har gitt desse musea utforminga si, men at dette paradigmet styrer utforminga av museet, det har blitt etablert ei norm som har vorte den akseptert måten å gjere ting på blant majoriteten av museumsdanningane. Så frå starten av 1900-talet hadde dette konseptet blitt eit førebilde for dei nye museumsdanningane i Noreg. Dette var eit forbilde som hadde utgangspunkt i musea som er nemnt ovanfor. Desse musea stilte ut hus og gjenstandar i frå landsbygda, dei hadde også ein felles formidlingside, som var at ein skulle kunne gå inn i heimar til dei som hadde levd før for å studere deira livsform, estetiske smak og arbeid (Ågotnes 2007: 51). Denne bølga av museumsetableringane etter 1900 var også ein del av ei breiare kulturell mobilisering i

bygdene, som viste seg i stiftinga av ulike organisasjonar som ungdomslag og sogelag. Bygdesamlingar var eit givande prosjekt fordi det verka gruppekonsoliderande i lokalsamfunnet (Ågotnes 2007: 51 – 52). Utover 1900-talet vart desse musea stort sett drivne av eldsjeler og amatørar, profesjonaliseringa av museet skjedde gradvis, men i 1975 skjedde det likevel noko avgjerande. Då det kom ei tilskotsordning frå staten for halvoffentlege museum. Dette førte til at ei kunne snakke om ei institusjonell nyetablering for folkemuseum. Dei nye økonomiske ressursane førte til at ein no i større grad kunne tilsetje fagfolk i faste stillingar. I dag sysselset musea faglærde handverkarar, konservatorar og formidlarar. Musea har blitt profesjonelle organisasjonar. Musea har bygd administrasjonsbygg med magasin, utstillingslokale, kontor og tekniske innretningar. Tanken om formidling og omsyn til estetikk er blitt ein større del av utstillingane (Eriksen 2009: 125, Ågotnes 2007: 53 – 54). Museet fungerer i dag som ein formidlar av nasjonal dannelseskultur, i tillegg til å vere ein moderne offentleg forvaltingsinstitusjon (Ågotnes 2007: 55).

Det kom til ei endring på 70-talet, der fokuset på bondekulturen vart forlate, og fleire grupper vart representerte, også i større grad kvardagslivet (Eriksen 2009: 131).

Med tilskotsordninga og meir tilrettelagd kulturpolitikk, førte det til at det kom ei rekkje nye museumsopprettingar. Dette førte til at det var fleire institusjonar som dei avgrensa ressursane skulle delast på, og at det var mangel på kvalifiserte fagfolk som kunne arbeide på alle desse musea. Dette førte igjen til at formidlinga ved musea ikkje var så god som ho kunne vere, og at dei ikkje lenger kunne oppfylle måla musea no hadde om å vere tenestedyktige samfunnsinstitusjonar. I Stortingsmelding nr. 22 (1999 -2000) var det lagt fram planar om ei stor reorganisering av musea i Noreg. Denne planen skulle arbeide for å skape nasjonale nettverk av organisasjonar i musea, som ville gi auka ressursutnytting, heve det faglege nivået og skape betre samarbeidstilhøve. Heilt sentralt i reforma var konsolideringa, musea i same region vart slått saman til større einingar. Dette førte til ein nedgang på talet av museum frå starten av reforma og frem til i dag Det er framdels like mange institusjonar, men det administrative var samla. I 2009 kom ei ny stortingsmelding St. meld. Nr. 49. I denne meldinga vert og museumsreforma gjennomgått og evaluert. Meldinga vart kalla *Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying*. I tittelen vart det lagt fram fire omgrep, som skule forklare museets rolle og funksjonar. Forvaltning, forskning, formidling, fornying. Musea skal forvalte fortid, skape kunnskap, formidle opplevingar, skape innsikt og dei skal drive kritisk refleksjon (Eriksen 2009: 109-111, Hylland 2017:77-79, 86-87).

Teori

Under arbeidet med denne oppgåva har eg sett nærmare på boka til Eilean Hooper-Greenhill (1992) *Museum and the shaping of knowledge*.

Denne boka skal undersøke kva eit museum er ved å gå gjennom nokre spørsmål:

“This book asks some very basic questions. What does ‘knowing’ in museums mean? What counts as knowledge in the museum? Or to put it another way, what is the basis of rationality in the museum? What is acceptable and what is regarded as ridiculous, and why? Does this change over time? How are individual people expected to perform in museums? What is the role of the visitor and what is the role of the curator? How are material things constructed as objects within the museum? How are individuals constructed as subjects? What is the relationship of space, time, subject, and object? And, perhaps the question that subsumes all the others, how are ‘museums’ constructed as objects? Or, what counts as a museum (Hooper-Greenhill 1992: 3)

Altså hun spør seg kva kunnskap ein finn i eit museum, kva er det som er rasjonelt, det som vart akseptert som ein realitet. Korleis har man forstått verden gjennom historia og korleis påverkar denne verdforståinga korleis museet er utforma. Kva rolle har museet i samfunnet og kva rolle har dei ulike aktørane som er i kontakt med denne institusjonen? Korleis vart ting i museet organisert, kva plass har gjenstanden, kva er forholdet mellom rom, tid, subjekt og objekt i, kva kan seiast å være eit museum?

Videre skriv ho at mangelen på det å sette spørsmål ved og undersøke det profesjonelle, kulturelle og ideologiske praksisen ved eit museum, har betydd at ein ikkje har klart å få ein forståing på korleis dagens museumsarbeid vart gjennomført, man vil heller ikkje greie å sette opp ein kritisk analyse av museumshistoria. Den rasjonaliteten som setter rammer for kva for museum som vart oppretta, både i fortid, men også dagens museum, ikkje vart sett spørsmål til, men blir tatt forgitt. Mange forklaringar av museum tar ikkje med konseptet om rasjonalitet som eit problem, sjølv om museet har ein rolle som ein stad for opplysning, og har vart med på å konstruere ulike rasjonalitetar i samfunnet. (Hooper-Greenhill 1992: 3-4).

I denne boka ønsker ho å utfordre dagens forståing for kva eit museum er, for å finne nye måtar å skrive og forstå historie på. For å gjere dette bruker ho deler av arbeidet til Michel Foucault. Ho meina at Foucaults arbeid er interessant fordi han setter spørsmål ved rasjonalitet, som igjen setter føringar for det vi i eit samfunn ser på som akseptabelt. At det vi ser på som heilt sjølvst og som ein sannheit blir konfrontert med spørsmål. Han ser på

sannheit som noko som er relativt, og har historiske, sosiale og kulturelle føresetningar. Kva ein såg på som rasjonelt før blir sett på som ulogisk i dag og i framtida vil folk synes det vi i dag gjær er feil. Foucault har undersøkt korleis formar for forståing har endra seg over tid og korleis desse tankane er blitt til ved ulike historiske hendingar (Hooper-Greenhill 1992: 9). Eg tenkar dette vil vere interessant i mitt tilfelle sidan eg skal undersøke den tidlege innsamlingspraksisen i byrjinga av Nordfjord Folkemuseums historie. Denne praksisen vert styrt av den perioden den finner sted og av dei personane som medverkar til innsamlinga. Korleis gjenstandane kjem til museet og val av kva gjenstandar som vert teke inn i samlinga, må ses ut i frå den perioden desse handlingane finn sted, praksisen endrar seg frå tidleg 1900-tal opp til 60-talet. det vil derfor være viktig for meg å vere oppmerksom på dette når eg går gjennom kjeldematerialet mitt.

Foucault har funne fremm til ulike verktøy for å kunne forstå utviklinga av rasjonalitet og kunnskap i fortida, for å kunne forstå fortida på eins egne premisser. Hooper-Greenhill ønsker å bruke verktøyet for å forstå kvifor musea er som dei er i dag ved å sjå på korleis dei var før. Og håper at ved å gjere dette vil nye moglegheiter opne seg (1992:9-10).

Eit av dei mest nyttige verktøya til Foucault er «effective history», han meiner at historie ikkje er kontinuerleg, med rolege overgangar frå ein periode til ein annan, han ser heller på fortida ved å vektlegge diskontinuitet, rifter, spreining og forskyvingar. Effective history forkuserar på dei lange linjene i historia som strekker seg over fleire hundre år. Verktøyet prioriterer avburd, bråe forandringar og forstyrringar. Videre skriv ho at ved å skrive ein historie over museum ved å bruke effective history, vil få fremm nye forhold, fokusere på korleis museum i fortida har forandra seg, og korleis og kvifor institusjonar med lange tradisjonar forandra seg eller vart vekke. Dette kan kanskje føre til ein kontekst til dagens kulturelle forandringar (Hooper-Greenhill 1992: 10-11).

Eg ønsker å bruke framgangsmåten til Hooper-Greenhill, ved å sjå på mitt materiale på same måte som ho har sett på sine eksempelstudie. Det vil være interessant å fokusere på samlinga til Nordfjord Folkemuseum, ved å stille dei same spørsmåla som Hooper- Greenhill stilte i sitt arbeid, ved å spørje kva er det som er det rasjonelle for dei som bygga opp samlinga, kva rolle har gjenstandane i museet, korleis er museet konstruert i forhold til samlinga og kva dei ønsker og formilde. Ved å sjå på kjeldematerialet i lys av desse spørsmåla håper eg at eg kan finne ut meir om tanken bak det som er vært gjort, om korleis gjenstandar var tatt inn i samlinga og kva val stod bak desse utveljingane.

I tillegg til så stille desse spørsmåla vil eg også bruke effective history, for å sjå etter brot, hendingar og ting som ikkje går etterplanen, for å sjå kva innverknad dette har hatt på museets samling.

«Folkemuseumspadigme» som nemnes i kapittelet om folkemuseum, er noko eg også kjem til bruker i teksten, for å forklare kvifor museet er som det er. Dette paradigme meiner Ågotnes (2007: 51) er grunnen til kvifor folkemusea ser ut slik dei gjer. Han meiner at det ikkje er det lokale særeigne som har gitt desse musea utforminga si. Men at det har blitt etablert ei norm som har vorte den akseptert måten å gjere ting på, blant majoriteten av folkemusea i landet. Ein norm med utgangspunkt i Norsk Folkemuseum og De Sandvigske Samlinger. Desse musea stilte ut hus og gjenstandar i frå landsbygda, dei hadde også ein felles formidlingside, som var at ein skulle kunne gå inn i heimar til dei som hadde levd før for å studere deira livsform, estetiske smak og arbeid.

Eg tenker dette kan vere interessant å sjå i lys av kva man til ein kvar tid såg på som rasjonelt. Ved å sjå om museet tok inspirasjon frå andre institusjonar, kan man sjå om dette var ein universell norm, som gjaldt for museumslandskapet i Noreg.

Metode

Metodane eg har brukt for å saman med teoriane løyse denne oppgåva, er at eg har tatt utgangspunkt i museumssamlinga til Nordfjord Folkemuseum. For å kunne gjære dette fekk eg tilgang til ein del historisk kjeldemateriale frå museet, og eg fekk tilgang til ein gjestebukar på databasen Primus, slik at eg kunne få ein oversikt over den delen av samlinga som er digitalisert. Primus er ein samlingsforvaltingsdatabase som handterer dei prosessane som gjenstandane inngår i på museet, som aksisjon, utstilling, magasinere og utlån, i tillegg til at den inneheld dokumentering av gjenstanden (Olsrud 2018:175).

Det historiske kjeldemateriale eg har valt å brukt utgjer tilvekstprotokollane til museet frå oppstarten til museet før 1920 til 1960. Eg har også gått gjennom ei mappe over korrespondansen til museet frå 1908 til 1945.

Eg fekk og av Nordfjord Folkemuseum Årbøker frå Nordfjord frå dei siste seksti åra, som inneheld årsmeldinga for museet.

Tilvekstprotokollar som eg har anvendt som kjelde i denne oppgåva, var oppringing kjent som innføringsbøker, men er kome under fellesnemning tilvekstprotokoll i 2018 (Olsrud 2018:81). I si doktorgradsavhandling om praksisen med å dokumentere gjenstandar i museum samlinga, skriv Olsrud (2018) om praksisen med innføringsbøker ved Norsk Folkemuseum. Ho skriv at

desse bøkene var der gjenstandane først vart registrert, då dei kom til museet og var ved Norsk Folkemuseum den første innføringsteknologien som vart tatt i bruk. Ho nemner og at Hans Aall sjølv meinte at tilvekstprotokollen var ein nødvendighet ved alle museum. Den hjelper til med å holde oversikt over kva som finnes i samlinga, den gir og informasjon om kva gjenstandane heiter, korleis dei ser ut, kva dei er brukt til, kvar dei kjem frå og andre opplysningar som følgde med gjenstanden (Olsrud 2018:81). Hans Aall meinte at gjenstanden måtte registrerast på ein slik måte at ein gjennom venskapleg arbeid og i framtida, hadde all informasjon ein trong, denne type informasjon skulle og kunne erstatte gjenstanden om den skulle gå tapt.

Innføringsboka som ein nytta ved Norsk Folkemuseum, bestod av 13 kolonnar. Der ein skulle føre inn informasjon som gjenstandsnummeret, namnet på gjenstanden, korleis den ser ut, datering, kvar gjenstanden kom frå, innkomstdag, givaren, om den var kjøp og i så fall kva den kosta, var det ein gåve, og andre opplysningar (Olsrud 2018: 70).

Dette er litt annleis enn korleis det er på museet i Nordfjord.

I byrjinga av den protokollen som tar føre seg første del av samlinga, står det nedskrive to sider om tre faste eigendelar til museet, Austrheim skulehus, Holvikejekta med naust og Sætastova frå Loen (Tilvekstprotokoll 1). Vidare kjem det til nedskrivninga av gjenstandar i samlinga, alt vært skriven ned på høgre sida slik at venstresida er opne for notata. Høgresida er delt inn i 4 kolonnar, ein for gjenstandsnummer, neste for namn på gjenstand og utsjånad, tredje kolonne er det nedteikna merknadar, om givaren, om det var eit innkjøp eller ei gåve til museet og anna relevant informasjon, den siste kolonne står verdien på gjenstanden . Både tilvekstprotokollane og hovudprotokollen som eg brukte i denne oppgåva har same oppsette og den same informasjonen som kjem frem i tilvekstprotokollane kjem og frem i Hovudprotokollen (Hovudprotokoll 1, Tilvekst protokoll 1).

Arbeidet med materiale

Valet av ein periode i museets historie, kom seinare i skriveprosessen, derfor har eg gått gjennom store delar av museets samlingar. For å få ein oversikt over samlinga har eg gått gjennom NFM tilvekstprotokoll 1 – nr. 1- 424. NFM hovudprotokoll 1 frå år ? til 1977, nr. 1 – 3200, hovudprotokollen inneheld all informasjon som kjem frem frå tilvekstprotokoll 1.

Deretter gjekk eg gjennom NFM Hovudprotokoll 2, år. 1977 til 1983 +1986 og 1987, nr. 3201 til 5831. NFM Tilvekstprotokoll 1, år 1984 til 1993, nr. 1984 . 00001 til 1993.00340.

For å få ein oversikt over nyare inntak i samlinga brukte eg Primus, her gjekk eg gjennom alle gjenstandane som var registrert med årstal frå 2019 tilbake til 1968. Også gjennom primus

fekk eg ein oversikt over alle husa i museumsalinga som er registrert under nr. NFM.201 til NFM.244..

Eg fekk opphalde med på Nordfjord Folkemuseum eit par veker, fordelt på to turar i byrjinga av dette prosjektet. Her fekk eg tilgang på ein gjestbrukar på Primus, tilgang til protokollane og til korrespondansearkivet. Arbeidet mitt på museet gjekk ut på å forsøkte eg å få med meg så mykje material som mogleg, slik at eg kunne arbeide med dette vidare i Oslo. Løysningen var å fotografere alle sidene i protokollen og brev og anna arkivmateriale som var av interesse.

Måten eg arbeida vidare med dette materiale på er at eg har brukt ein kvantitativ metode, slik at eg har fått ein oversikt over gjenstandane som er komme til museet. Eg har plassert gjenstandane i rekkefølge i ein tabell etter samlingsnummer. På den måten har eg større moglegheit til å sjå om diverse mønster kjem opp. I tabellen skreiv eg kva gjenstanden var, når den vart samla inn, namn på gjevar, plass den kom frå og annan informasjon som kunne være interessant. Dette var eit arbeid som tok tid, for det protokollane var handskrivne, og det tok tid å tyde kva som stod.

Materiale som eg fant i mappa for korrespondanse mellom 1908 -1945, var stort sett handskrev det også, så her og brukte eg tid på å lese meg gjennom dokumentet for å sjå om det fantes noko som var relevant for mitt arbeid. Etter eg fekk ein oversikt, sorterte eg dei inn i årstal og kva informasjon som stod der.

Vidare har eg leita fremm annan informasjon som fortel om museet, som artiklar og bøker som omtalar museet. Eg fekk av Nordfjord Folkemuseum, eit nesten komplett sett av Årbok for Nordfjord frå slutten av 1960 – til 2018. I desse bøkene var og årsmelding for museet trykt. Nokre av bøkene inneheld og jubileumstekster og tekster om salinga til museet.

Desse tekstene saman med det materiale fekk tak i på museet, gjer det mogleg for meg å få ein oversikt over utviklinga til museet. Etter kvart som eg arbeida med materialet, så innsåg eg at det var for mye å ta for seg heile museumshistoria, så eg velde derfor å ta form eg Museets første periode før det flytta til ein ny stad.

Ved å bruke dette materiale saman med det teoretiske kjeldemateriale og annan museums litteratur, vil eg sjå om det mogleg å forstå museumssamlinga til Nordfjord Folkemuseum og kvifor den har vorte slik den har vorte.

Prøving og utfordringar i skriveprosessen

Nordfjord Folkemuseum er lokalisert i på vestlandet i Gloppen kommune som er eit godt stykke unna Oslo, der eg studerer. Dette betydde at det ikkje var like lett å få tak i materialet eg trong. Eg satte av to turar ein rett etter nyttår 2020 og ein kring vinterferien. For eg fant ut at det var ting eg mangla etter fyrste gongen. Det som gjorde dette til eit større problem enn det hadde trengt å vere, var at eg starta med ein ganske brei problemstilling. Der planen min var å ta føre meg samlinga ved museet. Dette førte til at eg nok brukte meir tid enn nødvendig på å gå gjennom kjeldematerialet mitt.

I løpet av våren braut covid-19 pandemien ut, og heile samfunnet stengte ned, det vart igjen vanskeleg å få ta i ting eg trengte til å få ferdig oppgåva slutninga vart tatt og eg bestemte meg for å utsetje oppgåva. I mellom tida fekk eg sommar jobb på Nordfjord Folkemuseum, der eg fekk moglegheita til å få meir kjennskap til museet og til dei som var på besøk. Det var ein moglegheit for meg å få ein oversikt over kva ein arbeida med på museet, og eg var med i lunsjpausen, der eg fekk prate med dei andre tilsette ved museet.

Eg har og verkeleg forstått arbeidet som skal til for slik ein oppgåve, og kor mykje som kan endre seg undervegs, for det eg tenkte oppgåva skulle bli i byrjinga av dette arbeidet har forandra seg mykje gjennom dei siste månadane.

Ein annan teknisk utfordring, var at eg ikkje har så mykje erfaring med Primus. Eg trudde det kunne være lett å søke på gjenstandanes datering, for i byrjinga var det enkelt, for eg fekk ein oversikt over kor mange av gjenstandane som er datert til 1600 talet og 1500 – talet, men då eg kom til 1900 -talet begynte ikkje tallane lenger å stemme, for det vart plutselig veldig mange gjenstandar som var datert til dei siste 50 åra. Det viste seg da at eg fekk opp gjenstandar i søket der dateringa og viste til datoen for gjenstandens inntøyst på museet.

Ein annan ting eg tenkte eg kunne få søkt opp, var fordelinga over kvar gjenstandane kom i frå, her gjekk det jo og greitt å finne alle treff som nemner foreksempel Vågsøy og Selje, men då eg søkte på Gloppen kom det igjen eit alt for stort tal, for da viste det seg at dei fleste gjenstandane var registrert med ein forklaring at dei nå var lokalisert i Gloppen på museet.

Museet og det omhandlande området

Museets historie

I denne delen vil eg gi ein presentasjon om historia og utviklinga til museet, dette er ein presentasjon eg i hovudsak har henta i frå festskrift og jubileums tekster. I desse type tekstar

har eg ein følelse av at institusjonens historie ofte vert presentert som ein historie med jamn framgang og utan alt for mange problem, men er det berre denne måten man kan legge frem museets historie på? Har det i realiteten verkeleg gått så friksjonsfritt som ein skriv i disse tekstene, går det heile tida framover eller må ein gå nokon steg tilbak også? Ved å bruke Foucaults «effective history» kan eg då få fram ein museumshistorie som ser annleis ut? Foucault avviser forestillingen om en kontinuerlig, jevn, progressiv, totaliserende, utviklingshistorie. Han jobber i stedet med et syn på fortiden som understreker diskontinuitet, brudd, fordrivelse og spreining (Hooper-Greenhill 1992: 10).

Så korleis vil denne museums historia verte om eg stiller dei same spørsmåla som Hooper-Greenhill (1992: 10) bruker? Man skal ikkje spørje korleis ting har halde seg likt, men heller korleis ting er forskjellige, korleis ting har forandra seg og kvifor?

Dette er det eg vil svare på vidare i denne teksten.

Oppstarten

Nordfjord folkemuseum er lokalisert på Sandane i Gloppen kommune i Vestland fylke, museet hadde offisiell opning i 1920, men oppstarten på arbeidet med museet byrja fleire år før. Det hadde vært snakk om å oppretta bygdemuseum i fleire år, og det hadde vært omtalt i diverse blad, som lokalbladet i Nordfjord. Det fantes fleire små samlingar rundt om i bygdene, men disse var private samlingar (Nordfjord Sogelag 1922: 7). Før ein realiserte noko av planane om å opprette eit mindre bygdemuseum i distriktet, vart det kjent at Firda Ungdomslag hadde tankar om å oppretta eit museum som skulle omhandle heile Nordfjord. Dei vart råda om å skipa eit sogelag som skulle ha som formål å få bygd opp eit museum for heile Nordfjord, I Januar 1908 vart skipingsmøtet for Nordfjord Sogelag heldt på Nordfjordeid, der det vart vald inn ein representant for kommunane Stryn, Breim, Hornindal, Innvik, Selje, Eid, Davik og Gloppen (Ommedal 1995:47).

Sogelaget skulle nå sette i gong med arbeidet mot det nye museet, dei måtte få inn kapital, samla inn gjenstandar til samlinga som synte eit klar bilete av Nordfjords kultur (Nordfjord Sogelag 1922, 8, Ommedal 1995: 48).

Innbyggjarane rundt om i distriktet fekk beskjed om å ta vare på gamle ting dei hadde og ikkje selje dei eller øydelegge dei. Det vart og oppretta arbeidsnemnder i alle kommunar, desse fekk i oppgåve å verve medlemmar til sogelaget, dei hadde og i oppgåve å sjå kva som fantes av gjenstandar og bygningar som kunne være av interesse for det nye museet (Nordfjord Sogelag 1922:9, Ommedal 1995: 48)

Ein måtte fyrst nå bestemme seg for kvar det nye museet skulle plasserast, det vart helde avstemming i dei forskjellige kommunane, i 1909 stod valet mellom Nordfjordeid på Eid og Sandane i Gloppen (Nordfjord Sogelag 1922: 10-12). Diskusjonen held fremm til 1910, da det vart bestemt at det nye museet skulle stå på Sandane. Gloppen kommune hadde ordna med ei museumstomt, som vart gitt i gåve til museet. I tillegg fekk museet området der naustet med Holvikjekta stod (Ommedal 1995:49). Før ein kunne få i stand eit museum, måtte ein skaffe større kapital. Medlemspengane for sogelaget rakk ikkje til å kjøpe inn hus og å reise dei opp på museumsområdet. Det vart allereie i 1908 bestemt å søkje om tilskot hos Nordfjord Sparebank på 2000 kr, denne søknaden vart avslått. Gloppen Sparebank gav eit rentefritt lån på 2000 kr i 1911, så fekk dei støtte for amtstinget for 1912/13 på 300 kr. Fylkets tinget har og gitt eit mindre tilskot til museet.

I 1911 og i 1915 satt styre i gong lutspel for å få samla inn pengar til å finansiere dei byggeplanar ein då var i gong med. Styret vende seg og til lokalestyresmakter, organisasjonar og interesserte om hjelp med finansieringa, i 1913 søkte dei om stateleg tilskot hos Kyrkje og – Undervisningsdepartementet. Frå 1913 -1921 fekk museet 6500 kr frå staten. Frå eit rekneskap frå 1915 står det at inntektene var rikstilskot, gåver, medlemspengar og inntekter frå reguleringsfond, som vart til saman 1500kr. Vidare var utgiftene på kjøp av ting til museet, arbeid på tomt og lønner m.m., som vart på til saman 1500 kr (Ommedal 1995: 51).

Av gjenstandar til museet så fekk museet allereie tilbod om å kjøpe Holvikejekta ved fyrste styremøte til Nordfjord Sogelag, museet fekk forkjøpsrett, men sidan dei ennå ikkje hadde samla opp kapital gjekk eigaren med på å halde på jekta til museet kunne kjøpe ho. Såleis vart det at den store Nordfjordjekta var den fyrste større gjenstand som var kjøpt inn av museet (Nordfjord Sogelag 1922: 9). Holvikejekta er ei seglskute som vart bygd på Sandane i 1881, det er ein stor båt som er 20 m lang og 8,6 m brei. Jekta vart brukt til å frakte ved og trelast til Bergen og til å ta med andre varer tilbake. Den vart tatt ut av bruk då dampbåten kom (Nordfjord Folkemuseum).

Det hadde vore eit stort arbeid med å samle inn ting til museet, i Gloppen var det samla inn mykje bruksting m.m. Museet fekk i gåve, den private samlinga til ein Lensmann Lund frå Stryn. Han hadde tidlegare vore lensmann i Gloppen (Ommedal 1995: 49, Shetelig 1944: 286). I 1915 vart det lagt frem ein byggeplan for museet, ein ønskte å sette opp bygningane slik at det danna eit typisk Nordfjordtun. Det vart også planlagt å sette opp eit hovudbygg/utstillingsbygg like ved Ungdomshuset, som var nabo til museet. Bygginga av dette bygget vart utsett, men det vart sagt at dette kunne ikkje ta for lang tid, for dei ønskte

ikkje at bygningane på museet skulle bli overfylt av gjenstandsamlinga, slik at husa fekk meir eit magasin preg (Nordfjord Sogelag: 1912).

Det var også gjort arbeid med å samle inn antikvariske bygningar som skulle setjast opp på museet. I 1912 kjøpte ein inn tre hus, ei stove, ei røykstove og ei masstove. To bygg vart kjøpt inn til museet i 1915, eit loft og eit stabbur. Det siste bygget som blei reist på museet før opning var gamle Austrheim skulehus frå Gloppen. (Nordfjord sogelag, Sogn og Fjordane ungdomslag & Nordfjord folkemuseum 1990: 41,51,61,69-70,106,112).

Opninga

Museet opna 25. juli 1920, med ein høgtidleg opning, med eit rikt program.

I skulehuset var det skipa skulemuseum, der ein hadde samla alt det gamle skulemateriale ein kunne få tak i (Ommedal 1995: 53).

Tida etter opninga fortsett arbeidet med å samla inn bygningar og gjenstandar, ut i frå Primus var det samla inn tre nye bygg, to i 1927 ei nystove og ei bu og ei stove i 1939. Av gjenstandar står det i ei årsmeldinga for 1937/38 at ein dette året har katalogisert gjenstandar frå nr. 1381 til nr.1400, Det vart og halde fram med å ferdigstille interiøret av dei husa som ein hadde reist.

Under krigen vart museet stengt, berre dei som bad om å få komme å sjå på samlinga fekk lov. Vidare står det at samlinga auka i 1945 frå nr.1563 – 1637 (Ommedal 1995: 58).

Flytting

Etter kvart vart det nødvendig å få utvida museet, for å få plass til fleire hus. Det var komme inn tre nye bygningar til museet som låg lagra, ei seterbu, eit fjøs og eit stabbur alle frå Gloppen. Ein trengte og større plass til gjenstandsamlinga, i 1959 hadde museet ei samling på 2077 gjenstandar (Hovudprotokoll1).

Ein tenkte på å utvide tomte eller flytte heile museet til ein annan stad (..). I 1956 vende styret seg til Gloppen heradsstyre om det var mogleg å få ei utvida museumstomt. På same tid fekk arkitekten Arne Berg i oppgåve å teikne opp dei ulike alternative ein hadde for museet, desse vart lagt frem for styre april 1958, der Arne Berg sjølv tilrådde at museet skulle flyttast til Jølet. Jølet var eit tilbod frå Peter Holvik, som ville leige bort området for 3200kr pr år, i ein 99års periode (Ommedal 1995: 60-62). Det vart vedteke i 1959 at museet skulle flyttast ned til Jølet, så nå måtte ein arbeide med å få tak i nok pengar til å finansiere flyttinga. Det vart sendt søknad til kommunane i Nordfjord om dei kunne gi eit årleg tilskot på 20 øre pr. innbyggjar i

fem år framover. Det vart og sendt søknad til De Norske Museers Landsforbund om tilskot. I april 1959 fekk museet melding frå kyrkjedepartementet om at museet fekk 5.000 kr til flytting av bygningane, det vart og same år bestemt at ein skulle søke staten om eit tilskot på 10.000 kr. (Ommedal 1995: 62).

I 1960 vart dei 3 først husa flytt. Ein reguleringsplan med friluftsmuseum i Jølet vart godkjent av departementet i 1963. I planen vart det bandlagt eit belte rundt Jølet som gjorde det mogleg å skjerme museet frå den meir moderne busetnaden på Sandane. Området gav og moglegheit til å presentere hus som stod i utmark på ein meir representativ måte.

I august 1966 kunne det medelast at nå var flyttinga frå Åsen til Jølet heilt ferdig.

Da var det til saman 10 bygningar på museet, fire stover, to stabbur, to loft, ei bu og eit skulehus.

Men sjølv om flyttinga var ferdig var det ennå meir som måtte gjerast for å få ferdig museet, det var ennå arbeid med å få samla inn gjenstandar frå distriktet og det var ennå mange bygg som var av interesse å få inn på museet, det mangla ennå hus for å få til eit komplett Nordfjordtun (Ommedal 1995: 63 -65).

Frå 1967 til 1987 vart det teke inn 28 bygningar: fem utmarkslader, to kalvefjøs, ei stampe, geitefjøs, to lader, moldhus, våningshus, to utedoar, eit stabbur, ein fjøs, to stølshus, matstove, prestebustad, hønsehus, lysthus, farger, eldhus, stall og ei smie.

Det mangla og eit eige magasinbygg til museet, samlinga til museet var lagra og plassert i dei ulike bygga som er reist på museet, dette er verken godt med tanke på bevaring, det var også vanskeleg med tanke på formidlinga.

«Som museet står i dag er det meir ei samling av gamle skattar.

Museet må utbyggjast slik at desse gamle kulturskattane kan framsynas for publikum. Skal ein kunne gjera det, må det byggast eit magasin – eit museumsbygg der samlingane vært ordna på ein naturleg og praktisk måte» (Ommedal 1995 S. 67)

Museet i dag

Museet fekk i 1995 eit eldfast utstillingsbygg, med kafé for besøkande. Bygget rommar og magasin i kjellaren og kontor for dei tilsette.

Det kom på plass eit hundehus frå Gloppen i 2000, i 2002 kom det eit kvernhus frå Gloppen.

I 2006 vart det bygd eit nytt hjulhus, til å bruke i undervisning samanheng.

Til slutt kom det inn ei sag frå Bremanger i 2007.

I 2009 var museet ein del av det konsoliderte museet Musea i Sogn og Fjordane. Styre til Nordfjord Folkemuseum har lete det konsoliderte museet ta over det faglege, administrative

og det økonomiske ansvaret for museet. Museet er endå finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskot, samt egne inntekter.

I dag er det 44 Bygningar ståande i friluftsmuseet og har ein samling på ca. 25 000 gjenstandar. Denne samlinga skal gi eit bilete over arbeids – og dagleglivet i Nordfjord frå 15/1600- talet og frem til i dag, i tillegg har Nordfjord Folkemuseum fått det tematiske ansvaret for vasskraft i fylket (Årbok 2014: 188, Nordfjord Folkemuseum).

I år 2020 er det 100 år sida museet vart opna for fyrste gong.

Nordfjord

I dette avsnittet kjem ei nærmare skildring av Nordfjord, for å forstå litt meir av kva område museet skulle omhandle.

Nordfjord ligg lengst nord i tidlegare Sogn og Fjordane, og grenser i nord med fylket Møre og Romsdal.

Nordfjord er namnet på dei bygdene som ligg i området rund Nordfjorden.

Denne fjorden er rundt ti mil lang, frå kysten og heilt inn til Jostedalsbreen, og har vore ei hovudferdselsåre for dei som har levt i dette området (Tvinnereim et.al 2016: 18).

Gjennom tidene har grensene i Nordfjord stort sett vært stabile, der grensene er sett opp av naturlege skilje som fjordar og fjell, også i sør har grensene heldt seg like, bortsett frå at kommunen Jølster som i mellomalderen var ein del av Nordfjord, i dag er ein del av Sunnfjord. Sjølv om dei fysiske grensene har halde seg like, så har dei administrative grensene forandra seg. Nordfjord var eige futedøme fram til 1690, etter dette fekk Sunnfjord og Nordfjord felles fut, dette heldt fram til fute embetet vart oppheva i 1898. I rettsstellet var desse to områda delte, Nordfjord hadde eigen sorenskrivar fram til vår tid, i 2005 vart Nordfjord tingrett slått saman med Sunnfjord til Fjordane tingrett (Tvinnereim et.al 2016:20-21).

Av det Nordfjordingane har levd av, var landbruket noko av det viktigaste. For rundt hundre år sidan var dei fleste knytte til gardsbruk. I dag er det berre rundt 5% som arbeider med dette, men likevel mykje i forhold til resten av landet. Då ser vi at landbruket er meir konsentrert innover i fjorden. Den andre viktige næringa var fiske, nesten alle bygdene måtte kombinere jordbruket med fiske for å overleve. Det var i hovudsak kystbygdene som livnærte seg på denne måten, men folk frå inst inne i fjorden drog og i sesongfiske. Etter kvart satsa kystkommunane meir på fiske, medan indre Nordfjord bytta ut fiske til fordel for andre næringar (Tvinnereim et.al 2016:44,52). Industri vart etablert seint i Nordfjord, men då det

vart mogleg å gjere om vasskraft til elektrisitet vart det gode moglegheiter for å byggje ut industrien her. Industrien vaks ut på 1900-talet, men den har og gått ned dei sist åra. Ved kysten vart det bygd opp industri innan fiskerinæringa, møbelindustrien etablerte seg i dei kommunane som grensa til Møre. I dei fleste kommunane i Nordfjord vart det etablert tekstilindustri, dei fleste måtte etter kvart leggast ned på grunn av billigare importvarer, men ein har merker som Skogstad, Ricco Vero og Moods of Norway, som kjem frå området. Det vaks opp ein del små industri i forbindelse med foredling av jordbruksvarer, i dag er desse vorte meir samla, så nå har ein eit større Tine meieri på Byrkjelo i Gloppen og slakteriet Nordfjord Kjøtt i Loen i Stryn. Båtbygging har ein og helde på med lenge i Nordfjord, ein gjekk frå å bygge tradisjonsrike båtar i tre til at det var bygd opp ein større skips- og båtindustri, i dag har dei verft i Gloppen Brødrene Aa, i Måløy, Selje og på Eid. (Tvinnereim et.al 2016:70-76). Dette er noko av industrien som vaks fram i Nordfjord og som ein ennå lev av i området i dag.

Eg ser på Nordfjord folkemuseum si innsamlings praksis er frå byrjinga av 1900-talet og frem til 1960. Frå denne perioden og frem til i dag har det skjedd fleire endringar i Nordfjord. Kommunar har slått seg saman og kommunegrenser har endra seg. Berre i løpet av det siste året har mykje skjedd, Nordfjord er ikkje lenger ein del av fylket Sogn og Fjordane, men Vestland fylke. Kommunar som høyrar til Nordfjord har slått seg saman med andre kommunar utanfor Nordfjord, Vågsøy kommune har slått seg saman med Flora i Sunnfjord og heite no Kinn kommune medan Hornindal har blitt ein del av Møre og Romsdal (Askheim 2020, Haugen 2020, Eide & Askheim 2020). I dag er Nordfjord sett saman av kommunane Stad, delar av Kinn, Hornindal, Stryn, Gloppen og Bremanger. Men sidan kommunereforma er svært ny og ikkje har innverknad på materiale eg studerer, så har eg valt å ta utgangspunkt i korleis kommunane var før reforma, som då var kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal (Askheim 2020). Med denne oppgåva har eg også lagt ved eit vedlegg, der eg gir ein kort presentasjon av kvar kommune i Nordfjord, for å kunne få ein oversikt over det området som Nordfjord Folkemuseum skal omhandle.



Bilde 1 Kart over Nordfjord, henta frå Kartverket, norgeskart.no, Redigert av meg, der eg har teikna tydeligare linjer over området og kommunane. Stjerna viser kvar Nordfjord Folkemuseum ligg.

Samlinga

Kva som gjer ei museumssamling annleis enn andre samlingar og opphopingar av gjenstandar som lager og magasin, er ikkje lett å forklare. Men det finnes likevel tre punkt som er felles for ei samling ved eit museum. Nummer ein er at alle samlingar er eit resultat av ein utveljingsprosess, der ein vel noko til fordel for noko anna. Den andre er at gjenstanden har ein verdi som peikar ut over seg sjølv, dette er ein verdi som kan være etisk, symbolsk eller økonomisk. For det tredje så representera samlinga eit forsøk på å skape orden og oversikt (Eriksen 2009: 117). Suzanne Keene deler opp museumssamlingar i fire forskjellige kategoriar: Visuell samling, samling av funksjonelle objektet, forskingsarkiv og plass- og personbaserte samlingar (2005:26). Det er den siste kategorien eg tykkjer passar folkemuseet si samling best. Denne kategorien er satt saman av element frå alle dei andre kategoriane. Plass og personbaserte samlingar inneheld gjenstandar som ein finn ved dei fleste museum, som historie og etnografiske museum. Disse samlingane vert ofte organisert under periode, plass eller funksjon. Denne samlings kategorien er den som ein mest har høve til å spørje spørsmålet : Kvifor tar vi vare på desse tinga? I denne delen av verden tek ein vare på gjenstandar fordi ein har ein relasjon til dem, dei får oss til å hugse, dei representerer historiske hendingar, eller representerer våra kulturelle røtte og våra plass i samfunnet (Keene

2005:29-30). Denne forklaringa Anne Eriksen og Suzanne Keene kjem med om museumssamling, er det eg vil undersøke vidare ved å sjå på samlinga til Nordfjord Folkemuseum. Kva for utveljingsprosess fantes med tanke på innsamling til museet, kva var viktig å få inn og kva ønskte dei å oppnå med samlinga?

Eg vil gå gjennom samlinga, samtidig som eg svarer på dei same spørsmåla Hooper – Greenhill (1992:3) still i sitt arbeid, vil eg då få eit nytt bilde av samlinga til museet?

For å få ein oversikt over innsamlinga til Nordfjord Folkemuseum, har eg sett på tilvekstprotokollane og på databasen Primus. Ved å bruke protokollane har eg kunne sett på dei tidelegaste inntaka, og med Primus har eg fått ein oversikt over inntak dei siste femti åra, samt oversikt over alt som er digitalisert av eldre materiale. Ikkje alle gjenstandane som står i protokollen er registrert digitalt, så her veit eg ikkje kva som ennå finnes på museet og kva som kan ha vorte avhenda. Men i denne oppgåva fokuserer eg ikkje på kva som finnes på museet no, men på kva dei har teke inn i samlinga til forskjellige tider.

For å kunne svare på dette har eg prøvd å få ein oversikt over når gjenstandane kom inn til museet, men dette har ikkje vært så enkelt den første tida. Det er lite notering av datoar for inntak i den første tilvekstprotokollen, det står heller ikkje når ein starta med å ta inn gjenstandar i samlinga. Men nokon ting veit eg, som at Sogelaget ikkje vart oppretta før i 1908, det er dei som oppmoda innbyggjarar i Nordfjord om å ta vare på gjenstandar av interesse, og dei første korrespondanse brev som omhandla gjenstandar er datert til 1908 (Brev: Rygg, O. I. 1908). Dei første husa til friluftsmuseet vart kjøpte inn i 1912 (Nordfjord Sogelag 1990 s.61, Nordfjord Sogelag 1922: 7,9). Så er det naturleg å tru at dei første gjenstandane vart samla inn kort tid etter 1908.

Ikkje før 1977 er det godt dokumenterte datoar for inntak av gjenstandane i samlinga, medan eg ser på tida frå 1908 til 1960, som derfor ikkje er like godt dokumentert, så det betyr at eg må prøve å skaffe meg ein oversikt. Datoen som står i marginen er svært spreidd i dei første protokollane, men det som også skapar ein utfordring er at desse datoane og årstala ikkje er notert kronologisk. Ved nr. 93 står det 01.06.1917, medan ved nr. 300 står det 1910 (Tilvekstprotokoll 1). Det er også ein annan grunn til at eg tenker gjenstandane ikkje er blitt nedskrive i den rekkefølgene dei kom til museet, i protokollen er det periodar der det blir samla inn mykje av ein ting. Til dømes frå nr: 972 til nr. 1002 er alle plogar, der alle er gjevne av ulike personar frå forskjellige stadar (Hovudprotokoll 1). Det finnes og tider der det kunn er innsamla gjenstandar innan ein kategori t.d. religiøse bøker, desse gjenstandane er da også samla inn og gitt av forskjellige personar. Dette kan ha fleire forklaring, det kan være at

museet har jobba spesielt i denne perioden for å få tak i desse gjenstandane, at det er samla inn av ein av nemndene, eller at ein venter med å registrere gjenstanden i stede for å registrere dem med ein gong dei kjem inn i samlinga. Eg lener meg mest på den siste teorien, for ut i frå det som står i årsmeldinga for 1924, der det står at lærar Erik Aasebø har katalogisera gjenstandane, slik at det frem til då er bokført bortimot 1000 nummer. Men det står også at det kvart år kjem inn nye ting slik at samlinga aukar (Årsmelding 1924). Alt her vil eg sei at det tilseier at gjenstandane ikkje vært katalogisert med det same dei kjem til museet.

Vidare ser eg at ved nr. 664 i protokollen (Hovudprotokoll 1) er det notert ned 1923, så da vil eg tru at dette er notert etter opninga av museet i 1920, og ved å gå tilbake til det som vart nemnt i 1924, at det var katalogisert 1000 gjenstandar frem til då, vil jo sei at museumssamlinga til Nordfjord Folkemuseum var nådd 1000 gjenstandar i 1924 (Årsmelding 1924). Dei årsmeldingane eg finn frå den tidlege perioden er på den måten svært hjelpsame, for å få oversikt over kor mykje som fantes i samling, som årsmelding 1937/38, der det står at i 1937 auka samlinga frå 1374 gjenstandar til 1400. Derfor veit eg at ved slutten av 1937 så må det ha funnets 1400 gjenstandar i samling. Det eg derimot ikkje veit er om det finnes meir som enno ikkje hadde vorte registrert, og om dei 26 gjenstandane som var katalogisert i 1937 faktisk vart samla inn dette året (Årsmelding 1937/1938).

Frem til 60-talet er det ut i frå Hovudprotokoll 1 registrert 2078 gjenstandar i samlinga, inntak av hus er betre dokumentert, der eg kan sjå at det er tatt inn 13 antikvariske bygningar i den same perioden. Der ni av dei vart satt opp på den første museumstomta, før museet flytta (Hovudprotokoll 1, Primus).

Det er denne delen av Nordfjord Folkemuseum si samling som resten av denne oppgåva skal omhandle.

Museums, as we have seen, holds the stored material culture of the past, and this material culture, object by object, carries the characteristics discussed in pervious chapter. But the material has not arrived in museums in a steady, single-state flow, one piece at a time. Characteristically, much of it comes in groups which have been gathered together by a single individual, or sometimes a closely associated pair or group of individuals. We are accustomed to call each of these group's 'a collection' and to refer to the whole assemblage as 'the collections'. The notion, then, of group

identity and personal association is deeply embedded in the material itself and in museum language (Pearce 1992: 40).

Ut I frå introduksjonen til Susan Pearce, i kapitlet ho skriv om innsamling, skriv ho at gjenstandar ikkje kjem roleg tikkande inn til museet frå ei retning, det er tvert imot meir vanleg at fleire gjenstandar kjem inn til museet samtidig, ofte gjeve av den same personen. Gåver og deltaking frå publikum har vært ein viktig del av museets innsamlingsarbeid, og kan i alt sitt mangfald seies å være den aller viktigaste innsamlingsmetoden, og som Eriksen (2009: 124-125) skriv, at folk hadde ulike oppfatningar om kva som høyrer heime på eit museum. Ved å gå gjennom protokollane har eg fått ein oversikt over innsamlings praksisen til Nordfjord Folkemuseum, eg vil vidare i dette kapitlet gjere greie for og tolke det eg har funnet, for å sjå om det som er vorte nemnt angående museumssamlingar også kan stemme med det som har vært gjort ved dette museet.

Gjenstanden som er gitt til folkemuseet skal representere vår eigen kultur, og blir derfor for givaren noko som rerepresenterer personens eigen identitet (Eriksen 2009: 127).

Innsamlingsarbeidet har ikkje berre vært ein måte for å få utvida samlinga, men det er og eit samarbeid som førar til større tilknytning med publikum og den lokale befolkninga (Eriksen 2009: 128). Eg vil vidare i oppgåva ta føre meg dette, for å sjå på korleis praksisen var ved Nordfjord Folkemuseum. Kven har bidratt med gjenstandane, kvar kjem gjenstandane i frå og kva har ein valt å ta inn i samlinga. Har det vært ein klar plan eller er det skjedd ved tilfeldigheit. Har museet drive med ein aktiv innsamling, der dei sjølve har lett etter det som skal få ein plass på museet eller har dei passivt tatt i mot gjenstandar som folk kjem med?

Museet vart skipa ved med initiativ frå Firda Ungdomslag. Ungdomslaget hadde i vinteren 1907 fått besøk av kulturhistorikaren og museumsmannen Kristofer Visted, under hans foredragstur med tittel «Norsk bondekunst og bondekultur». Det hadde vært eit stort oppmøte og publikum var svært begeistra, det var kort tid etter dette at Ungdomslaget utvikla ideen om eit museum for Nordfjord (Haugen 2016: 204).

Da folkemusea i Noreg vart grunnlagt, vart dei ikkje alle grunnlagt på same måte, det var forskjellige aktørar som alle hadde forskjellig formeining om korleis eit folkemuseum skulle være. Ungdomslaga var ein av desse aktørane, Norsk Ungdomslag vart stifta i 1896 og vart ein politisk og kulturell kraft. Organisasjonen var knytt til venstresida av politikken og sakar som det nynorske språket, demokratisk opplysningsarbeid, avhaldssak, frilynt kristendom og

kulturelt arbeid på bondekulturens grunn. Dei meinte at den norske kulturen var bonde kulturen og at bøndene sjølve måte få ta del i denne nasjonsbygginga, og at dette måtte skje ved eit dugnadssamarbeid. Ungdomslagas synspunkt skil seg frå embetsmannskulturen og den borgarlege nasjonalismen. Ungdomslaga hadde ikkje ein førestilling over at folk trong å vekkes, der dei måtte ledast av nokon utanfrå eller ovanfrå, men dei arbeida for ein kulturblomstring nedanifrå, der bondebefolkninga sjølve bygde og synleggjorde sin eigen kultur. Dermed er det også grunn til å tru at nasjonalkultur slik ungdomslaga førestilte seg den, ikkje var noko som ein kunne finne i ein park utanfor Oslo, men som eksisterte i deira egne bygder og kom til uttrykk i deira eigen levemåte (Eriksen 2009: 82-84).

På årsmøte for Firda Ungdomslag i 1907, kom det eit framlegg frå Lærer Anders Lothe vedteke om å oppmoda ungdomslaget om å starte opp eit sogelag som skulle arbeide mot å få i stand eit museum (Ommedal 1995:47).

Eit sogelag eller eit historielag, driv med eit mangfald av aktivitetar innan lokalhistorie og kulturvern, der dei blant anna gir ut årbøker for området, arbeidar med å ta vare på kulturminne i lokalmiljøet, er involvert i museumsarbeid, slektsgransking og dei arrangerer rekke lokalhistoriske arrangementet. I byrjinga var det mest typisk for bygder og distrikta og danne historie lag, men i dei siste tiåra har det vorte meir og meir i byane. I dag er det ca. 600 lokale historielag i Noreg (Norsk Lokalhistorisk Institutt).

Eg tenker det var nødvendig for Ungdomslaget å stifte dette sogelaget, for Ungdomslaget som organisasjon hadde såpass mykje dei arbeide for, medan sogelaget vart oppretta med det formålet å bygge opp eit museum for lokalområdet, samt arbeide for å ta vare på den lokale historia.

I Januar 1908 vart skipingsmøtet for sogelaget helde på Nordfjordeid, der det vart vald inn ein representant for kvar av kommunane i Nordfjord. Sogelaget skulle no arbeide for å kunne bygge opp eit museum (Ommedal 1995: 47-48).

Det var ikkje slik det vart gjort ved alle folkemusea i Noreg, frå eit lokalt eksempel frå Sogn folkemuseum, her starta museet som den private samlinga til godseigar Gert Falch Heiberg. Familien hadde frå før av arbeide med å bygge opp eit familie museum, Heiberg tok så over denne samlinga etter sin far. Etterkvart med tips han fekk frå hans venn den seinare riksantikvaren Herm. M. Schirmer, at han burde begynne å samle inn kulturminne frå Sogn. I år 1900 vart dei Heibergske samlingar stifta. Heiberg vart kontakte med spørsmål om han kunne opprette eit Sogelag for Sogn. Då dette laget vart skipa, overrekte Heiberg museet til

sogelaget som gåve i 1908, Museet inneheld då ei gammal røykstove og 3000 gjenstandar i samlinga, inntil da hadde denne samlinga vore heilt privat (Avdem, Engesæter & Vold 2009:265-267, Shetelig 1944: 231). Dette betyr jo Heiberg sjølv hadde valt dei 3000 første gjenstandane som museet var bygd opp av. Ved eit anna eksempel frå Hadeland Folkemuseum, dette museet var derimot starta opp på liknande vis som ved Nordfjord folkemuseum. Hadeland museums lag vart oppretta med initiativ frå fylkeslaget Oppland, stiftelses møte vart helde 9. februar 1913, det vart valt inn fem medlemmar til styret. Det var kommunane i Hadeland om stod som eigarar av museet, med Hadeland Museums lag som formelle eigarar. Det vart og oppretta ein eigen byggekomité, som skulle gjere det enklare for innkjøp, frakt, gjenreising, møblere osv. ved museet. Utan om dette var fleire hadelendingar svært engasjert i museet, enten ved innsamlingsarbeid eller med annan dugnadshjelp (Shetelig 1944: 256-257, Wilhelmsen et.al. 1988: 13). Her viser det tre eksempler på korleis lokale museum har vorte grunnlagd, på Hadeland og i Nordfjord har det skjedd på tilnærma lik måte, medan eksempelet frå Sogn kan minnast meir om korleis Sandvik grunnla Dei Sandvigske Samlinger. Ein ser forskjellar mellom dei musea der ungdomslaga og andre foreiningar var med på museumsgrunnlegginga og der dei ikkje var det. I desse musea satt representantar frå dei forskjellige laga og foreiningane i museumsstyret, i andre tilfelle stod museums styret i større grad av privat personar frå den lokale eliten (Eriksen 2009: 84).

Ein ting som måtte vere klart før eit nytt museum kunne reisas, Det var ein stor debatt om kvar det skulle byggas. Mange såg det som ærefullt å ha museet i si bygd.

Det vart i 1908 sendt ut oppmoding til alle kommunar om å stemme på kvar dei ynskte at museet skulle stå. I 1909 var resultatene klare, Selje, Davik, Eid og Hornindal røysta for Nordfjordeid. Tre kommunar Breim, Gloppen og Innvik røysta for Sandane, medan Stryn røysta på seg sjølv. Seinare valte Stryn å røysta på Sandane (Nordfjord Sogelag 1922: 10-12). Begge stadane var ideelle for det nye museet, men det som var det viktigaste for styret var at museet vart plassert på den staden der det var rikast på gamle kulturverdiar.

Diskusjonen held fremm til 1910, det vart lagt frem eit forslag om å dele museet inn til to avdelingar ein i Nordfjordeid og ein på Sandane, men det vart bestemt på årsmøte 11. juni 1910 at det nye museet skulle stå på Sandane i Gloppen. Gloppen kommune hadde ordna med tomt som dei gav til museet, det var eit område på rundt 7 mål i Åsen, med utsikt over Gløppefjorden. I tillegg fekk dei eit område på 1 mål, som hyste naustet til Holvikjekta (Ommedal 1995:49). På *bilde 2*. viser sirkel 1. kvar museet vart reist i Åsen. Tomta der Holvikejekta står er ikkje med på bilde, men den er lokalisert tvers over fjorden frå museet.



Bilde 2. Kartverket, norgeskart.no, satellittbilde av Sandane sentrum, sirkel 1. viser kvar Nordfjord Folkemuseum stod første gongen og sirkel 2. viser kvar det flytta på 60-talet.

Nå når ein hadde tomt, kunne ein begynne å samle inn antikvariske bygg og gjenstandar til museet. Eg vil i neste del ta føre meg nettopp dette, korleis dei antikvariske bygga kom til museet og om det mogleg å sjå kvifor dei valte å ta inn dei bygga dei gjorde.

Innsamling av antikvariskebygg

Starten

Planen for det nye museet vart lagt fremm ved årsmøtet i 1915, då museumsstyret presenterte den fyrste byggeplanen for det nye museet.

Paa den store flati ovanfor set ein dei gamle husi, soleis som dei stod i eit gamalt Nordfjord-tun, kvart hus med ein innreidnad og dei innbu som til hørde. Fram paa bakkekanten etlar ein tuft aat stova, loft og stabbur, og sidan er det plass aat fleire slike hus austetter. Attanfor desse husi vert plass aat ymse andre, som mastova, eldhus o.fl.; og mot sudaust burt under bakken kann ein byggja lade, fjøs og andre uthus (*Nordfjord Sogelag 1922:16*).

Vidare i denne oppgåva synes eg det vil være interessant å sjå om desse planane vart realisert og korleis dei arbeidar med å få det til, men først er det eit par ting eg vil diskutere angående denne byggeplanen.

Det første eg tenker på er kva meinte dei med eit typisk Nordfjordtun. Eg har ikkje klart å finne konkrete kjelder på kva det vil sei, men frå boka til Arne Berg (1968:178-194), så viser dei døma han kom med frå Nordfjord, at det stort sett er snakk om mangbølte gardar i varierende storleikar. Altså at garden er satt saman av fleire bruk/hushald, der bruka har eigne bruksnummer, men er alle samla under ein gard (Larsen 1981:59,77). I eksempla frå Nordfjord, får eg inntrykk av at dei fleste tuna er type klyngetun, medan eit par er rekketun. Eit klyngetun er eit tun som opphavelig starta som ein gard, men gjennom åra vart garden delt inn i stadig fleire bruk. Alle desse bruka trengte eigne bygningar, så etter kvart kunne det bli mange hus på tunet. Medan eit rekketun er eit tun der bygga vart satt på rekke, frå ein til tre rekker. Der innhusa låg øvst i terrenget og uthusa nedst (Mork 2010: 30). Størrelsen på tuna som vert nemnd i boka er frå 2 til 11 bruk (Berg 1968: 178- 194). Ved Hardanger Folkemuseum avdelinga Utne, står det at husa er plassert i terrenget slik at det skal illustrere eit vestnorsk klyngetun (Ågotnes 2007: 49). Så var det eit klyngetun dei ynskjer på Nordfjord Folkemuseum, eller var måle å sette opp eit tun med ein einbøltgard? Eg klarer ikkje heilt å få dette ut av planen, den fortel oss om kva for deler av området ein ønsker å føre opp dei forskjellige hustypene, det står ikkje noko om dei skal så på rekke eller i ei klynge. Det står at stove, stabbur og loft skal stå lengst fremme på bakkekanten, så at fleire slike hus kan setjast opp aust for disse, men kva betyr fleire slike hus? Er det snakk om fleire stover, loft og stabbur, for det kan ikkje være snakk om fleire type innhus, for det vart nemnt at andre typar innhus som masstove og eldhus skal plasserast bak desse igjen. Så står det at uthusa skal plasserast lenger bak i bakken, mot syd-aust. Betyr «fleire slike hus» at dei ynskjer å vise ein variasjon av same type hus, i så fall skal dei være ein del av tunet eller vert dei ein del av ei eiga utstilling, der dei dei kan formidle ein annan type historie? eller betyr «fleire slike hus» at man ønsker ein mangbølt gard.

Ved Norsk Folkemuseum vart tanken om gruppering av tun ikkje noko som ein tenkte på frå første stund, ein grunn til dette var at distriktas ulike tun formasjonar var lite undersøkt på den tida, det var heller individuelle bygg og byggeskikkar som hadde stått i fokus. I utbyggingsperioden, vart bygga spreidd rundt på området, men etter kvart då museet fekk bygningar frå same område vart dei plassert saman. Første gong dei søker om å legge husa i eit tun er i 1906, dette vert så tatt opp igjen i 1908. Dette året vart det lagt fremm ein tiårsplan, der dei ønska å prioritere å setje opp eit mindre gardsanlegg. I 1912 vart det flytta fem hus frå Setesdalen, saman med hus dei alt hadde frå området vart desse oppstilt i ein dobbelthusrekke (Hegard 1982: 180-181). Ein plan for å organisere friluftsmuseet i 15

enkeltun, kom ikkje til uttrykk før i 1941, Aall kjem frem med at museet ikkje lenger må berre være ein samling av gamle bygningar, men at det må bli satt opp heile gardar, satt i karakteristiske tun frå dei forskjellige distrikt og kulturkrinsar (Hegard 1982: 181). Så med tanke på at set ikkje var ein planla å setje husa i tun før i 1906, og at det først i 1941 vart lagt fremm ein plan om å sette saman typiske tun frå forskjellige distrikt. Så kan det være at man ennå ved denne tida er såpass i startfasen med arbeidet av å sjå på spesifikke tun frå kvart distrikt, at ein ennå ikkje er heilt kalar over kva eit typisk Nordfjordtun er, men at dei likevel ønsker å få fremm dette på museet?

Då byggjeplanen var klar i 1915, så hadde ein alt begynt med å samle inn hus til museet. Sogelaget sette dette arbeidet i gong så snart dei hadde midlar til dette (Nordfjord Sogelag 1922:14). Kva har desse første inntaka og sei for museumsplanen som vart lagt fremm i etterkant ? Det første huset som vart kjøpt inn til museet, var ei stove frå Otnheim i Selje. Ein meina at stova kan være frå reformasjons tid, noko som ut i frå konstruksjonen kan være mogleg, men det kan også være frå nyare tid. Dei som gav stova til museet kunne ikkje huske ein tid bygget hadde vært brukt som stove hus, men at ho dei siste åra vart brukt som ei «masstove» eller også kalla matstove, eit bygg som er delt inn i eldhus og sommarstove, der familien kunne flytte inn om sommaren, slik at dei kunne gjere reint i stova. Stova vart kjøpt inn i 1912 og satt opp på museumsområdet i 1917 (Nordfjord Sogelag 1990 s.56-57, 60-61, 63). Grunnen til at stova kom til museet var at han som åtte ho ynskte å selje ho, fordi han trong pengane. Syskenbarnet hans Lærer Zakarias Kvamme, meinte derimot at det var viktig å berge ho. Han skreiv derfor til Bergens Museum og til Oslo, men han fekk ikkje seld ho for: « I Bergen hadde dei ikkje pengar, i Oslo brydde dei seg ikkje om henne.».

Men so vart Nordfjord Sogelag skipa i 1908. Zakarias Kvamme kontakta derfor Fylkesagronom Bruskeland, som da var formann i laget, og lurte på om det var mogeleg at sogelaget kunne kjøpe stova. På dette tidspunktet var Kvamme sjølv med i sogelaget. Kjøpet av stova vart tatt opp og vedtatt på sogelagsmøte (Hovudprotokoll 1).

Dette var det første huset i samlinga, men eg veit ikkje kor godt eg tykjar den passar inn i museums planen. Sjølve bygget er svært gammalt og det er ikkje stort, sjølve stoverommet er på ca.12m². Det er heller ikkje spor etter seng og annan innreiing, bortsett frå merker etter vegfaste benkar. Så det finnes meiningar om at stova ikkje egna seg som den eigentlege stova på ein gard, for plassen verkar ikkje stor nok til å huse senger, skap, eldstad og samstundes kunne være eit opphaldsrom (Nordfjord Sogelag 1990: 54-58). Når ho står omtala er ho alltid

beskrive som ei stove, sjølv om det er vert diskutert om den eigentleg kan ha vært det, men i byggets siste periode vart ho ikkje brukt som stove, men eit matstove. På museet vert ho sett opp som ei sove, men da ikkje ei gild stove (Nordfjord Sogelag 1990: 59). Eg tenkar meg at stova hadde verdi for museet fordi ho er såpass gammal, og derfor viktig at ho vart teke vare på. Men når ein skulle setje saman hus som skal representere Nordfjord, så ville eg tenkje at dei ynskte å vise fremm noko som var større og gjævare, så eg veit ikkje kvar denne stova passar inn i følgje planen som vart lagt frem i 1915. Eg tenker meg at grunnen til at ho kom inn i samlinga såpass tidleg var fordi den var i fare for å forsvinne, så om dei ønsker at ho skal tas vare på så måtte dei bestemme seg raskt. Ein annan grunn eg kan sjå, er at han som arbeider sterkt for at stova skulle bevarast, sjølv var med i sogelaget. Stova var frå familiegarden hans og han ser gjerne at ho vert teke vare på.

Det vart kjøpt inn to andre bygg dette året, ei masstove frå Dispen (Stryn) og ei røykstove frå Sæten (Stryn), røykstova satt opp på museet i 1916 og masstova i 1917 -18.

Masstova si alder er ukjent, men er frå før 1746, så kanskje frå 1600-talet. Masstova har ikkje vært ei typisk masstove, men ein kombinasjon av røykstove, masstove og eldhus. Ein slik type kombinasjon er svært sjeldan i Nordfjord, som gjær at ein tenker seg at bygget ikkje har vært slik opphaveleg (Nordfjord Sogelag 1990: 62,68). I årboka for Nordfjord 1990 står kjøpet av masstova frå Dispen omtalt:

Seinhausten i 1912 kom tre gjæve skulemeistrar til gards. Det var utsendingar for det påtenkte Nordfjord Folkemuseum. Ærendet var å sjå på gamle hus, og kanskje kjøpe. Desse karane var: Lars Søreide frå Hopland, Ola Sande frå Gloppen og Wilhelm Kvamme lærar i Stryn. Det hadde vore utskifting på Dispen. Vi budde i Nigardstunet, men skulle no flytte ut og bygge nye hus på nye tomter. Der var berre ein brukar i Nigardstunet, men likevel var det svært mange hus, og alle husa skulle no rivast. Utsendingane feste seg ved den gamle matstova. Det vart handel med ein gong. Etter det eg hugsar, var prisen noko med 150 eller 200 kroner. (Nordfjord Sogelag 1990 S.62).

Eg føler at denne kanskje passer meir med planen enn det Otnheimsstova gjorde. Masstova er også gammal, men denne var i bruk som masstove til den vart flytta til museet, og i planen står det at dei ynskjer ei masstove på museet. Ein ting eg derimot bit meg merke i er at dette bygget er såpass spesielt, det er ikkje typisk for Nordfjord. Det har ein verdi i at det er unikt,

og derfor noko og ta vare på, men korleis spelar dette inn med at ein ønsker å vise frem eit typisk Nordfjordtun?

Stova frå Sæten vart kjøpt for 300 kr. Kor gammal huset er veit ein ikkje, men historikaren Jakob Aaland meinte det var eit av dei største husa som vart bygga på Sæten etter svartedauden, truleg frå 1400-tallet. På denne tid budde det nemleg ein rik bondeslekt her. Stova skal ha vert ein av dei største og gildaste stovehus i Nordfjord. Ho vart brukt som bustadhus frem til 1834, etter dette vart ho brukt som masstove. Stova vart flytt i 1896 frå Sæten til Olabruket etter utskiftinga, da var ho i si siste tid nytta som smie og provisorisk stall. Men då ho vart satt på museet vart ho tilbakestilt til stove igjen, røykonn vart satt på plass, ein fylte golvet med leire og grus. Det skulle setjast opp senger og vogge. På veggen skulle det være klokke, kråskap og hyller. Og det skulle være plassert eit langbord i stova som skulle dekkast på til gjestebod (Hovudprotokoll 1, Nordfjord Sogelag 1990: 43,45,50-51). Her igjen er det tatt inn eit svært gamalt bygg. Dette er og ei stove som ikkje lenger var brukt som stove då den kom til museet. Dei fører den tilbake til korleis den var brukt før, det nemnes at når golvet i stova er strødd med nyhakka eine, og det er eld i omnen, så er Sætastova den mest stemningsfulle stova på museet, som gjerne vært nytta til spesielt besøk (Nordfjord Sogelag 1990: 51). Tenkjer denne stova passa fint på museet, den viser korleis folk levde, det er ei stove som i si tid var svært flott og dei ønsker å vise denne stova då dei hadde flottare besøk. Så eg tenker at denne kan godt passe inn i planen for museet. Ut i frå det som vert skreve om korleis stova vart brukt på museet, tenkar eg passar godt inn med «folkemuseumsparadigmet», for dette er jo måten Sandvik brukte ved sitt museum på Lillehammer. For han hadde fokuset på heimen og familien, innverknad på korleis han innreidde bygningane. Det skulle være noko meir enn historisk korrekte miljøkonstruksjonar, ved ein bevist bruk av gjenstandane i rommet, ønska han at publikum kunne sjå spor etter dei som hadde budd der (Pedersen 2004: 28). Dette var og tilfelle ved Nordiska Museet Gjenstandane vart vist fram i verkelegheits tru folkelivsbilete og husa vart innreidde slik at det såg ut som om folk ennå budde der (Rentzhog 2007: 15-19). Ved å dekke på til gjestebod og tenne i omnen, ville det vere akkurat som om stova venter på at gjestene skal kome inn døra.

I 1912 kom det altså inn bygg til museet både ved initiativ frå sogelaget og via befolkninga. Otnheimsstova vart seld til museet med ønske av eigaren og dei andre gjennom at sogelaget sjølve hadde reist rundt på synfaring, for å finne høvelege hus som skulle setjast saman til eit Nordfjordtun. Desse bygga vart kjøpt inn før planen vart lagt frem i 1915, så dei må ha vært

rekna med når dei bestemte seg for korleis museet skulle sjå ut, men kva for plass har dei i planen? For dei har nå to stove hus og ei masstove, kven av stovene er ment å stå på bakkekanten og kven skal plasserast i området austafør? Det er rart at ikkje husa vart nemnt i planen, men ingen av desse husa vart satt opp på museumstomta før nokre år etter planen vart lagt frem. Så det kan jo være at planen er såpass vag, fordi dei ennå ikkje ville plassere dei bygningane dei hadde før ein hadde ein oversikt over andre bygg som kan være aktuelle, slik at tynet skulle verta så riktig som mogleg.

I beretninga angande kjøp av masstova frå Dispen, er det noko eg tenker litt ekstra over, her står det at utsendingane er på uskikk etter hus som kan passe til museet, og at dei på det same besøket vart einige om å kjøpe masstova. Det eg lurar på er kor mykje ein tenkte gjennom dette valet, for det er jo eit viktig val, ein har ikkje så mykje plass og det burde jo være ein plan for innkjøp av hus, kor sikre var ein på at dette bygget var det beste for museet? Var dei klar over bygget frå før eller var dette det første dei høyrde om det, for kjøp av eit hus er noko eg tenker ein ikkje må gjære impulsivt. Det var jo heller ikkje på den tiden like enkelt, og forhøyre seg med resten av sogelaget om det var riktig avgjersles, om denne beretninga er riktig, så betyr det at tre av medlemmane i sogelaget bestemte eit av husa som kom inn i samlinga. Som gjær at tre menns val spiller ein vesentleg rolle for korleis museet ser ut. Nå er jo dette ein annan tid, så denne måten å arbeide på kan jo ha vært heilt sjølvstøtt, for man hadde ikkje i 1912 like gode moglegheiter for å kontakte kvarandre som vi har i dag. Spørsmålet mitt er heller var dette eit kjøpt som var godt nok gjennomtenkt, om dette var eit innpuls kjøp, kan det være grunnen til at masstova ikkje vart nemnt i planen?

Det vart kjøpt inn to hus til før opninga av museet, eit loft og eit stabbur, begge frå garden Heggdal i Stryn. Bygningane vart kjøpt inn i 1915 og satt opp kring 1917. Loftet er bygd i to omgangar, med bu delen i første etasje som den eldste og loftet i andre etasje som den yngste. Bygget er truleg i frå overgangen 1700 – 1800-talet (Nordfjord Sogelag 1990: 100-103.). Stabburet er truleg frå 1593, ettersom det står på ei av takbjelkane at huset var bygd dette året. Loftet og stabburet vart kjøpt saman for 600 kr, der nedtakinga av bygningane var med i prisen. Ved juletider same året frakta ungdomslaget i Innvik (Stryn) på dugnad, tømmeret ned til fjorden slik at det kunne frakte med båt til Sandane (Nordfjord Sogelag 1990: 106-107). Det siste huset som var på plass på museet før opninga, var Austrheim skulehus frå Gloppen, tatt inn i 1919. Dette skulehuset vart bygd i 1863 og er av den eldste type skulehus i Nordfjord. Det er bygd som ei vanleg røykstove, med stove rom, kove, kovelemm og gang. Skulen var i bruk til våren 1910. Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylke som eigde

kvar sin del av huset, gav huset til museet. Der tanken var at det skulle være eit skulemuseum for Nordfjord (Hovudprotokoll 1, Nordfjord Sogelag 1990: 41).

Dei bygningane som kom inn nå er alle typar som ikkje ennå eksister på museet. stabburet er svært gammalt, medan loftet er nyare og skule huset er rund 60 år gammalt, då ho kjem på museet.

Etter opninga

Til Opninga hadde det altså komme inn seks bygg, to stover, ei matstove, eit loft, eit stabbur og eit skulehus, tre av desse kom inn i samlinga før 1915. Etter planen hadde dei nå fire, av bygningstypane dei ønskte i Nordfjordtunet, men det som ennå mangla var fjøs, lade, eldhus og andre uthus. Etter fem år hadde dei og fått inn eit bygg som ikkje var med i planen, skulehuset som var gitt i gåve. Så nå var ikkje lenger berre snakk om eit Nordfjordtun, men også eit skulemuseum. Men kan ein kalle det som står på museet ved opninga eit Nordfjordtun? I 1922, to år etter museet opnar, vert det gitt ut eit «Festskrift i anledning Aapningen av Nordfjords Folkemuseum». Her står det at, den planen styrer og sogelaget hadde for museumsområde er kome langt på veg, nå står det fem brunbrædde torvtekte hus på tunet og litt utanfor der står det gul måla skulehuset, men det står også at ennå er det mykje som står att. Det trengs ennå ei røykstove, loft og stabbur av siste type. Ein ønskte også eit uthus, til å huse forskjellige arbeidsverktøy, som høyrar gardsdrifta til (Nordfjord Sogelag 1922: 16).

Det står at dei har komme langt på veg, men har dei eigentleg det? Dei flest av bygningane som vart nemnt i byggeplanen er komme inn på museet, bortsett frå eldhus, lade og fjøs. Det vert og indikert at det er snakk om fleire typar som ikkje vart nemnt i planen. Ved å sjå på eit eksempel frå det gamle tunet på Eide i Gloppen, der eg sjølv vaks opp, så ser eg eit par andre bygg som mogleg høyrar til ved eit Nordfjordtun. I tillegg til det som finnes på museet og elles er nemnt, ser eg at av dei sju bruka på Eide, så har dei fleste eiga nystove, utedo, bu, skykkje/ uthus, stall, smie, fleire har og grisehus og smalefjøs. Mange av desse hustypane finnes og på garden Fjølestad i Gloppen (Berg 1968: 191-193).

Så ut i frå at dei berre har fire hustypar som høyrar til eit tun, så vil eg sei at dei ikkje har komme så langt på veg, men det står også i festeskrifte at dei ennå har mykje igjen å gjere. Det er derfor det er rart at ein i festskriftet fokuserast på bygg som allereie finns i samlinga . Igjen vil eg da trekke inn spørsmålet, kva ønsker dei å formidle, kva rolle skal husa ha i museumssamlinga? Har dei utvida tanken på eit Nordfjordtun, til at det skal bli ein typologisk utstilling av bygningane. For dei har alt ei stove frå 1500 -talet og ei frå truleg 1600-tall, men

nå ønsker dei ei stove av siste type då truleg frå 17-1800-talet. I festskriftet vert det ikkje nemnt noko om at dei er på utkikk etter lade og fjøs, bortsett frå uthuset dei ønsker å stille ut reiskap i. Ønsker dei nå bygningar frå forskjellige tidsperiodar og viser dette ein endring i kva kunnskap dei ønsker å vise fremm i museet? At det ein ønsker å formidle går frå å vise eit bilde av ein bonde i det førindustrielle Nordfjord, til at dei også ynskje å vise utviklinga av bygnadsteknikk og levekår i Nordfjord, eller kunne dette ha vert planen frå starten av? To av stovene som kom på museet, vart alt kjøpt inn før museumsplanen vart lagt frem, så da må dei ha vert med i berekninga då sogelaget skreiv opp denne planen, kan dette ha vært det som var planen for delen av museumsområde der dei ønsker å plassere fleire slike hus?

Om det er slik at dei ønsker å vise ein evolusjon av bygningstypar og levemåte, så er ikkje dette noko revolusjonerande tanke. Viss ein tar utgangspunkt i «folkemuseumsparadigme», der det er forklart at museumsgrunnleggingane i Noreg skjedde innan visse normer, så vil det bety at Nordfjord Folkemuseum har henta ideen frå andre museum. Det vært gjort likande grep andre steder også, foreksempel på Maihaugen (De Sandviske Samlingar) hadde ein eit ønske om å framstille heimen til ulike tider (Pedersen 2005: 24). Frå tideleg av i Kong Oscar IIs Samling, så hadde Nicolai Nicolaisen i planen frå 1881, at det skulle på område setjast opp representasjonar av landets eldre trebygningar. Desse bygningane skulle plasserast i ein vitskapleg reinheit i eit typologisk skjema, det var utviklingshistorisk bygningstypologi som skulle plasserast i parken. Dette er ein av det same prinsippet som alt då vart brukt for å vise fremm arkeologiske gjenstandar på museum. Når det første friluftsmuseet vart bygd opp vart det ståande mellom estetisk illusjon, der ein skulle vise eit bilde av livet før og det skulle vere venskapleg systematisering, der ein syna utviklinga (Bäckström 2012: 97-98). Eit eksempel frå eit annet lokalt folkemuseum, Hardanger Folkemuseums hovudanlegg på Utne, stifta i 1911. Museet hadde frem til 2007 samla inn 47 bygg, av desse bygga var det i hovudsak bustadhus av ulike type og alder. På museet er nokre av bygga satt opp slik at det skal illustrere eit vestnorsk klyngetun, men dei har likevel prioritert å vise typiske hus frå forskjellige periodar enn å visa eit heilskapleg bygdemiljø (Ågotnes 2007: 49).

Men eg lurar på om det å velje ein typologisk framvisings vil det då gå i strid med museumsplanen? For om man fokuserer på typologi vil da ikkje det typiske Nordfjordtunet forsvinne? Som frå eit eksempelet frå Hardanger så nemner dei at det går utover det heilskaplege intrykket av eit autentisk bygdemiljø. For sjølv om Otnheimsstova har stått i eit tun frem til det vart flytt til museet, så hadde den ikkje hatt rolle som ei stove på lang tid. Ein

vil kunne sjå bygg frå forskjellige periodar og med forskjellige byggteknikkar ståande ved sidan av kvarandre, fordi folk tok vare på det dei hadde, men ein ville bruke dei eldre bygga på ein annan måte, Otnheimsstova vart brukt som masstove og røykstova frå Sæten vart også seinare nytta som masstove og etter kvart som smie, før dei vart flytta til museet, men begge desse bygga vart oppført på museet slik dei hadde vært då dei først hadde vore bygd. Vil ikkje dette da være feil i forhold til heilheita for å få eit blick inn i fortida, for nå har ein ei stove frå 1500 – talet og 1600-talet ståande saman i same tun.

Men dette var noko som også vart gjort andre steder. Då Sandvig fekk flytta heile Bjørnstadgården, til museet på Maihaugen, skulle garden setjast opp på akkurat same vis som den hadde stått før, for at garden skulle ha eit preg frå eldre tider, vart bygningane tilbakeført til tidlegare utsjånad og nye bygningar vart erstatta med eldre bygg som Sandvik hadde fått tak i frå andre steder (Rentzhog 2007:75-76).

Vidare arbeid med museumsoppbygginga kjem frem i årsmeldinga frå 1924.

Vi lyt og no til for alvor å passa på å få tak i slike hus som kan vera høvelege til det paatenkte nordfjordtun. Ymse røykstover er det her nok endaa, men med loft og nystova tek det til å tynnast. Styret hev sikra seg eit gamalt hus paa Fjellkaarstad (Stryn), det er no brukt til sumarfjøs, men hev fyrst vore ei bue med tvo rom og svalgang (Årsmelding 1924).

Ut i frå denne meldinga ser vi at styret ynskje å arbeide for å få tak i dei resterande husa ein manglar for å fullføre planen om eit komplett Nordfjordtun, det verkar som om dei på ny fokusera på fortsette på den planen som dei hadde satt seg ti år tilbake. Dei ser at ein kan vente med å få inn fleire røykstover, sidan desse vil være lettare å få tak i, og at det er viktigare å få tak i dei bygga som nå er i fare for å forsvinne. Men det er likevel eit fokus på stover, for sjølv om dei seier at dei ikkje må fokusere på det akkurat no, så verkar det som om dei ennå ønsker fleire stover i samlinga.

Bua som var snakk om i årsmeldinga, kom til museet i 1926. Den kjem frå bruket Fjellkaarstad i Stryn og er frå omkring 1600, i Årboka for 1990 nemnes det at historikaren Aaland meina at dette må være eit av det eldste husa på denne garden, og at det må ha stått der så lenge det har vært menneske der. I hovudprotokollen er det notert ned informasjon om huset som Lars Søreide har skreve ned. Då han skriv om byggets siste fase, nemner han at det bygget stod på den plassen då han fant det, ut i frå dette kan ein tenka seg at det var han som

har reist rundt for å sjå til antikvariske bygg, og at han fant dette bygget på reisa si (Hovudprotokollen 1, Primus samling NFM, Nordfjord Sogelag 1990:116).

I 1927 kjem det inn ei nystove frå 1700 – 1840 -talet, Ramnestad i Gloppen (Primus NFM.211). Ei nystove er eit bygg som ofte kjem i to høgder, med eit rom i kvar etasje og svalgong. Eldstad er det som oftast ikkje, bygget har derfor ikkje vorte brukt som stove. Det er heller ikkje eit nytt bygg som namnet tilseier, men kan ofte være det eldste huset på garden. Først etasje som gav nemnet til nystova, var bruk til overnattingsplass for gjester, medan andre etasje var loftet, her kunne man oppbevare klede og mat (Nordfjord Sogelag 1990:71-73). Det betyr da at dei har fått tak i denne type hus om dei var på jakt etter i 1924. I kjøpskontrakta står det også at museet kjøper nystova saman med ei røykstove, for 1300 kr. Bygga vart frakta til museet på forskjellig tidspunkt, i eit brev frå tilsynsmannen Arne K. Eide til styreleiar for museet Lærer Ola Sande, januar 1931, skriv Eide at det arbeide som må gjærast nå er å få køyrt Ramnestad stova til museet, der han nemner at loftet allereie er henta (Brev, Eide, 21. 01.1931). Eit nytt brev vert sendt frå Eide til Sande februar 1931. Her skriv Eide, at han har sendt melding til avisene «Frida Tidene» og «Nordfjord», om at museet treng hjelp til flytting av denne stova (Brev, Eide, 23.02.1931). I ei årsmelding Eide skriv for 01.07.1931 – 30.06.1932, nemner han at Ramnestadstova er i arbeid, men at den ikkje er gjort ferdig (Årsmelding 1931/1932).

Vi ser her at nå har museet fått inn den tredje stova er samlinga av stover komplett da?

Vidare vært det ikkje tatt inn noko hus før i 1940. Ein av grunnane til det kan være at mellom sommaren 1934 /1935, vart museet besøkt av direktøren Hans Ål ved Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Han tilbude seg å være til hjelp om det var noko dei lurte på angående museumsdrifta, og meinte at Nordfjord Folkemuseum nå måtte fyrst setje i stand dei husa dei hadde (Årsmelding 1934/1935). Hans Aall var igjen på besøk i 1936, dette kjem det frem i ein rapport frå tilsynsmann Arne K. Eide til Nordfjord Folkemuseum. Ved besøket var ikkje Aall fornøgd med korleis det stod til med samlinga ved museet, for den stod i fare for å bli øydelagd av fukt og skadedyr. Nokre av bygga måtte ein vurdere å ta frå kvarandre, slik at ein kunne bytte ut det øydelagde tømmeret med nytt, og alle husa måtte reingjerast og preparerast slik at dei skulle verta meir haldbare. Han meinte at styret nå snarast måtte arbeide for å få in det nødvendige midlane, for å få museet i stand, slik at det ein nå har brukt mykje tid og pengar på ikkje står på museet og vert øydelagt. Ein må først ta vare på det ein til no har samla, i stede for å fortsette å samle nye ting som berre vert øydelagd på same måte (Brev: Eide 10.08.1936).

Det ser ut til at det har skjedd lite i denne perioden, frå Aall besøkte fyrste gongen og til hans besøk i 1936. Ettersom hans meiningar blir nemnt svert kot første gongen, men etter den andre gongen skriv Arne K. Eide meir detaljert om kva Aall meina ein treng å gjera. Det kan virke som om Aall er oppgitt over framgangen, og at museet må innsjå alvorret om kva som vil skje om ein ikkje gjær noko med det. Eg tenker også at Eide sjølv står for noko av den meir negative tonen i rapporten, det er nok ikkje berre Aall sine meiningar som kjem frem, men at ein også kan sjå den vaksande frustrasjonen til Eide. Dette kjem og godt frem i rapporten vidare, for her skriv Eide også om kor misfornøgd han er med korleis det går med museet, han er tilsynsmann ved museet og har kome med ei liste ovre ting som bør gjerast for å forbetre museet, samt at han har komme med idear på korleis han meina ein kan få inn økonomiske midlar, noko han meina er utanfor hans arbeidsoppgåve, men han ønsker at museet skal bi så godt om mogleg så derfor gjer han det, for det er ikkje kjekt å syne folk rund slik som det er nå. Han er og misfornøgd med korleis museet vært driven, så langt er det han som syner besøkande rundt, men han meiner det burde være mogleg å tilsette nokon som omvisar. Det burde og være ein som var styrar for museet. Som satt i styre, men hadde fulltids jobb med å ha ansvar for drifta ved museet, for det er for tungvindt at museumstyret skal ha ansvar for alle val som vert tatt angående museet, Direktør Aall meinte sjølv at dette var ein betre ordning, som ein burde få i stand snarast (Brev: Eide 10.08.1936). I mars 1937, skriv Eide eit nytt brev til styret der han seier opp stillinga si, han viser til brevet frå 1936, og meinare at han ikkje lenger kan arbeide der slik det er nå (Brev: Eide 20.03.1937). Ut i frå desse breva ser det ut til at det ikkje har vært noko godt samarbeid mellom styret og Eide som Tilsynsmann, den siste tida. Ut i frå det eg lesar så verker det som om Eide tar på seg ansvaret for korleis tilstanden på museet er og at han i denne perioden vært meir og meir frustrert over at han ikkje får gjort noko med tilstanden til museet. I Hans Aall har han ein han kan spørje om råd og som delar hans meiningar som skulle ha vært med å styrke saka hans framfor styret. Men likevel vert ikkje tilstrekkeleg gjort, så han vel å sei opp stillinga si. I ein kopi i eit brev frå Styrsledar Ola Sande, til Kyrkje – og undervisnings departementet. står det meir angående tilstanden ved museet og Eide sin avskjed. Der han sa opp jobben på grunn av at «di vart so oppteken med eigne gjeremål». Det står vidare at Eide nesten kunne betraktast som styrar ved museet, og at han hadde fullmakt til å gjere det arbeide som trong gjerast, så lenge styret klarte å skaffe pengar. Han må derfor bera hovudansvaret for at det ikkje står så bra til med museet. det var svert tungvint å få noko gjort ved museet i hans teneste tid frå 1929-1937. Det nemnes at grunnen til dette siste tida, var at Eide sjølv ikkje kunne arbeide fysisk, så man måtte leige arbeidskraft, noko som hadde vart vanskeleg dei siste åra. men han

avsluttar brevet med at han ønsker at Eide må få verta ein del av museumsstyret slik at han kan fortsett å arbeide form museet på den måten (Brev: Sande 02.10.1938).

Dette vil eg sei er nokså motstridene frå den informasjonen Eide kjem med, for her føler eg skulda vert lagt over på Eide,

I denne perioden har det vært mye arbeid med å få opp hus dei har tatt inn og vedlikehald av dei husa ein allereie har. Men ut i frå det eg har lest frem til nå, står det berre kva som må gjerast, ikkje om det faktisk blir gjort, men det ser ut til at dei har venta med å ta inn fleire bygg, for det nemnes eit par bygg i denne perioden som kan være interessante.

I 1926 kjem det inn eit brev til formann ved Nordfjord Folkemuseum frå ein mann som bur på Vereide (Gloppen), som lurar på om museet kjenner til eit stabbur som står det. Avsendaren lurar på om museet ønsker å kjøpe denne eller om dei kan gjere noko for at bygget kan bli bevart. Det er eit stabbur som er bygget opp igjen av den gamle kyrkja på Austrheim, noko ein kan sjå ved alle dei flotte maleria på innsida. Den som skriv har tenkt å og fortele riksantikvaren om bygget, men ønsker at det skal bli værande i Gloppen enten på museet, men helst at det kan få stå der det står (Brev, Kvaale 13.01.1926).

I eit brev til styrsledar Lærer Ola Sande frå Arne K. Eide 14.03.1934, skriv han at Sandane skulehus (Gloppen) no skal seljast. Han meina at museumsstyret burde få tak i dette bygget slik at det kunne brukast som utstillingslokale, for å vente på eit nybygga utstillingsbygg vil ta lang tid, og det gamle skulehuset vil være ein billig løysning (Brev, Eide 14.03.1934). Ut i frå det eg kan sjå vert ikkje dette nemnt fleire plassar. Det kjem og inn førespurnad til museet om å kjøpe hus, i 1934 kjem det inn to brev frå ein gardbrukar frå Stryn, første brev kjem i juni. Han nemner at han har på garden ein stor Nordfjordrøykstove frå 1824, det har vært utskifting på garden og bygningane må nå flyttast, så han ønsker å få seld den billig der ho står for 750 kr. I August skriv han igjen, sidan han enno ikkje har høyrte noko. Denne gongen ønsker han og selje to bygg både røykstova og ei mindre stove, som er litt eldre en den første. Han vil nå ha 600 kr for den største og 400 kr for den miste, han meina at desse husa må ha relevans for museet, ettersom dei er så gamle og har såpass tjukt og flott tømmer, som er sjeldan å komme over i Nordfjord nå (Brev, Harvadalen 07.06.1934, 22.08.1934). Eg finn ikkje noko svar, heller ikkje at husa har vært vurdert tatt med i samlinga. men sidan første brevet ikkje var svart, så kan det hende at dei berre vart arkivert, utan å gjere noko meir med det.

I 1936 medan Hans Aall var på besøk vart han med bort på for å sjå på Morristunet på Rygg. Dei vart samd om at, det helst burde få bli bevart der det stod då. På tunet stod det ein nystove men han meinte at det ikkje var noko vits i å få den til museet, sidan det alt var eit loft og

nystove i samlinga. Uansett så var ikkje denne nystova noko som burde vere interessant for museet, fordi det ville verta vanskeleg å få tilbakestillt ho slik ho oppringing såg ut. Om ho hadde vore slik ho oppringing var bygd, så hadde det vert intersant for Aall å få satt ho opp på Bygdøy om ikkje Nordfjord Folkemuseum ville ha ho. Ein måtte og prioritere å fyrst sjå etter ei lade som høyrer til i eit Nordfjordtun når dei kunne ta seg råd til det (Brev, Eide 10.08.1936).

Det er inntersant å sjå at dei ennå fokuserer på ting dei alt har i samlinga, men her ser det ut til at Aall gir klar beskjed at dette er ikkje noko museet bør prioritere, dei har ikkje nok pengar til det og når dei får det bør dei sjå etter ei lade til museet.

I årsmeldinga frå 1935- 1936, vert det igjen nemnt at dei må få tak i bygg som ein ennå ikkje har på museet. Her skriv Arne K. Eide at når ein ser etter nye hus nå, så må ein fyrst sjå etter ei lade, fjøsar og kvernhus. Der han føretrekker at ein finn ei lade med stavar i tuftene (Årsmelding 1935/1936). I tilstandsrapport frå 28.06. – 01.07.1937, står det at nå når dei er ferdige med oppføringa av Ramnestad Nystova, er det planar om å få inn uthusbygningar, smie, kvernhus, og stølshus. Det står i rapporten at museet har sava ein god byggeplan, og at dei derfor har komme i skade for å få for mange gjentakingar i sine husbygningar. Plasseringa er heller ikkje tilfredsstillande. I 1937 går styret saman med Konservator Robert Kloster for å sjå på tomt til eit utstillingsbygg, det ble da det året sendt søknad til Gloppen kommune om å kjøpe denne tomte for å utvide museumsområdet (årsmelding 1937/1938).

Her vil eg meine at det kjem fremm det eg har tenkt frem til no, at utviklinga av museet har gått utover planen frå 1915. Dette er over tjue år etter den vart lagt frem, så det ser ut til at planen ikkje har vært følgt, når dette begynte å skje er vanskeleg å sei, men allereie i 1919 fekk dei Austrheim skulehus i gåve, dette bygget var ikkje nemnd i byggeplanen, men skulehuset var ute av bruk i 1910 (Nordfjord Sogelag 1990: 37), så dei kan ha vært klar over at det er in moglegheit for at museet skulle få det inn i samlinga.

Eg tolkar gjentakingar i sine husbygningar som at dei har valt å ta inn fleire av same hustype, som har vært diskutert tidigare, ut i frå det som vert nemnt her så kan det sjå ut som om ei typologisk samling kanskje ikkje har vert planen. Plasseringa er vanskeleg å sei noko om, det finnes bilde, men ingen eg har sett gir eit klart overblikk over området. Det beste bilde eg har funnet er bilde nr. 3 i denne teksten, den viser fire av bygningane, truleg er Morristova, nystova frå Ramnestad, Heggdalsloftet og Heggdalsstabburet vi ser på bilde. Det står at fotografiet er tatt i 1948, så då skal det være fem bygninga til som viser på bilde. Skulehuset sto nedanfor til høgre for bilete (Ommedal 1995: 48), men bortsett frå det veit eg ikkje.



Bilde 3: Fotografi frå Nordfjord Folkemuseum med utsikt mot Sandane sentrum. Frå venstre ser vi Morristova, nystova frå Ramnestad, Heggdalsloftet og Heggdalsstabburet

Men sjølv om det vert skreive at ein bør prioritere uthusbygningar, fjøs og lade, så er det neste bygget i samlinga likevel ein ny røykstove. Med råd frå Konservator Robert Kloster, vart Ramnestadstova tatt ned i 1940, på grunn av at stova var såpass forfallen. Det vart da i steden reist ei stove frå Morrits (Gloppen) på same plass. Stova er frå 1861 og er ei av den siste typen røykstover i Nordfjord (Årsmelding 1940/1941). Så man går i mot det man har snakka om, man vel enda ei stove, sjølv om dei erstattar ei dei hadde frå før. Det som er verdt å merke seg er at dette er ei stove frå det tunet som Hans Aall hadde vært på synfaring ved, berre fire år tidlegare. Der han hadde råda at om det var mogleg så ville det være best at bygningane i tunet kunne få vorte bevart på staden dei stod på. Så det verkar som om då Ramnestadstova måtte takast ned, så var det viktig at den øydelagde stova måtte erstattast. Dei to andre stovene som fantes i samlinga var frå 15 -1600 -talet, så det kan godt tenke seg at ei stove frå det siste hundreåra var såpass viktig for museet at, sjølv om dei skulle prioritera eksisterande bygg i samlinga eller bygg dei ennå ikkje hadde, så var det eit unntak ein måtte ta. Etter dette vart det ikkje satt opp fleire hus på museet før museet vart flytta til Jølet, tideleg 60 -talet. Det vart derimot tatt inn hus som vart lagra på museet, ei seterbu frå 1800- talet frå Gloppen, tatt ned i 1941. I 1950 vart det tatt ned eit fjøs frå 1900-talet frå Gloppen. I 1952 tok man ned eit stabbur frå ca. 1500-telet frå Gloppen (Primus, Ommedal 1995:63). Dette stabburet har vært nemnd før i det brevet som kom inn i 1926. Eigaren av stabburet ønskte etter kvart å få flytta stabburet, så museet fekk tilbod om å overta det, med råd i frå Konservator Kloster gjekk styret med på å kjøpe stabburet (Nordfjord Sogelag 1990: 60).

Så nå har vi fått ein oversikt over husa som vart sett opp på museet i Åsen.

Etter å ha arbeidet med museet i nærmare 30 år, hadde dei ennå ikkje fått ferdig den planen dei hadde i 1915. Det som var reist på den første museums tomte var tre stover frå forskjellige århundre, eit loft, ei nystove, eit stabbur, ei masstove, ei bu og eit skulehus.

Noko eg raskt legger merke til er at dei først husa dei tek inn er stover, loft nystove og bygg til matlaging og oppbevaring. Fjøs kjem ikkje inn i samlinga før 1950, da 40 år etter man begynte å samle. På slutten av 60 talet og byrjinga av 70 talet kom det inn fleire utmarkslader og i 1976 kom det inn to utedoar (Primus).

Ein annan faktor som kjem inn med tanke på innsamling av husa er alderen. Dei første husa som kjem inn til museet er dei husa om har høgast alder, dei første er frå kring 1500 talet. Etter kvart kjem det inn nyare hus, der det nærmare vår tid kom det hus frå byrjinga av 1900-talet, som ville ha vært heilt nye då museet opna i 1920.

Både med tanke på alderen og type bygg som vart samla inn, så vart det gjort prioriteringar over kva som var viktig å ta vare på fyrst. Som nemnt tidigare så var dei oppmerksame på at nokre bygg vart begynt å bli borte, på grunn av utskiftingane, medan andre ennå skulle være greie å få tak i. Det ser da ut til at ein prioriterte stover og andre innhus for å vise korleis man levde i Nordfjord før i tida.

Plassen hadde og noko sei, det begynte å minke med plass på museums tomte som enten måtte utvidast eller flyttast for å få på plass dei bygga dei hadde samla.

I perioden frå 1927 til 1940, kan det virke som om den store planen om å reisa eit typisk Nordfjordtun vart møtt med realiteten av å drive eit museum. Husa trong vedlikehald og økonomien var ikkje sterk nok til å få i stand samlinga eller å få inn fleire hus. Det var og kunn ein fast tilsett ved museet, som hadde tilsynsansvaret, men sogelaget var dei som bestemte over kva som skulle gjerast, og at frå oppstarten til sogelaget i 1908 fram til 1940 hadde det gått over 30 år, der nok mye har skjedd, som kan ha komet til utrykk i drifta av museet.

Innsamling av gjenstandar

Ut i frå det eg såg ved innsamling av dei antikvariskehusa, så om det tideleg frem at dei ønska seg bygningar som passa inn i eit typisk Nordfjordtun, men med gjenstands innsamlinga derimot finner eg ikkje spesifikk informasjon på kva dei konkret var på jakt etter. Det som kjem frem tidelege frå sogelaget, er at dei er på utkikk etter gjenstandar som ville være aktuelle for å vise korleis tidelegare generasjonar av nordfjordingar levde, som gamle

bygningar, husgeråd og reiskap. Det vert også nemnt i samanheng med kva hus dei ønsker, at kvar av husa skal vere innreidd med dei gjenstandar som høyrer til (Nordfjord Sogelag 1922: 9,15). Desse rettleiingane er ganske vage, mange gjenstandar fell under kva som kan være av interesse og det vert derfor opent for tolking.

Som nemnt tidlegare i teksten, så hadde dei frå starten av ønske om å bygge opp ein eigen museumsbygning. Dette bygget skulle romme gjenstandane som vært samla inn. På møtet vært dei einige om at dette bygget måtte ein venta med, men at dei må komme i gang med oppbygginga so snart man hadde tid og midlar til det, for elles blir dei antikvariske husa overfylte, og det vil gå utover det man ønsker å oppnå (Nordfjord Sogelag 1922: 16). Det at det var så tidleg planar om eit eige hus for oppbevaring og utstilling av gjenstandar i samlinga, vil eg seie seier noko om at dei ikkje berre ønsker gjenstandar som skal opptre som rekvestitar i dei antikvariske husa, men at gjenstandane er viktige i seg sjølv også og at dei ønsker å få inn gjenstandar i museet som elles ikkje passar inn i husa som finns på eit gardstun. Lenger nede i denne delen vil eg gå inn på dette, ved å sjå på gjenstandar som vart samla inn på museet frem til det flytta tideleg på 60-talet, for å sjå om det kan gi svar på om dei hadde ein plan på kva gjenstandar dei ønskte.

Grunnen til at dei ønsker eit eige bygge forklarar dei med, at dei må ha ein plass dei kan oppbevare gjenstandar slik at det ikkje skulle bli for fult i husa, så frå starten av så indikerer dette at dei hadde planar om å bygge opp ein større samling enn det dei antikvariske husa kunne romme (Nordfjord Sogelag 1922: 16). I årsmeldinga frå 1924 så ser eg at det allereie er fare for at det kan bli trongt om plassen.

Kassestyraren og formannen ---- Erik Aasebø hav halde fram med katalogisering, so der no er bokført bortimot 1000 nummer. Mykje er daa endaa att å gjera med det, daa her kvart aar hev vore innsamla nye ting, so samlinga stadig hev auka, og det vert snart spørsmål om ein serskild museumsbyggnad, daa det er uråd å syne frem alle ting på skapleg vis som no det er. (Årsmelding 1924).

Dette sitatet er henta frå ei handskrive årsmelding, som eg fant blant korrespondanse i arkivet til Nordfjord folkemuseum. Nokre av skrifta var såpass utydeleg at eg ikkje klarte å tyde dei, men ut i frå denne informasjonen ser eg at man ikkje har registrert gjenstandane med ein gong dei kjem inn i museet. Det har derfor skjedd ein opphopping av ikkje registrerte gjenstandar, ettersom det årleg kjem in fleire gjenstandar. Det er og eit problem med plass på museet slik

at dei ikkje får innreia dei antikvariske bygga på ein skikkeleg måte, slik at verken husa eller gjenstandane vert vist frem på ein skikkeleg måte.

I 1922 kjem noko meir beskriving om kva dei er ute etter, dei ønsker eit uthus til å syne fram arbeidsverktøy, som ein brukar i gardsdrifta, og at man leiter etter so mange bruksting og pryding, som ein må tru ennå skulde vere å finne på bygdene (Nordfjord Sogelag 1922: 16-17). Her verker det som om dei ynskjer å ta inn dei dei kan få av gjenstandar. Noko anna som kan indikere kva type gjenstandar museet ønskte, kan komme etter at museet fekk Austrheim skulehus i 1919, som skulle vere eit skulemuseum for Nordfjord (Nordfjord Sogelag 1990: 41), indikerer at dei også ønsker skulemateriell i museumssamlinga. Det kjem tidleg fremm i protokollen ved at allereie ved gjenstands nr. 383 begynner å kome inn ein del religiøse bøker, som salmebøker og huspostill (samling av prekenar). Av fleire boksamlingar som kjem inn i samlinga kjem det ein frå Innvik skule og ein boksamling frå Austrheim skule på 30-talet, det kjem og skule benkar og bord på 40-talet frå Lote skule (Hovudprotokoll 1). Etter at man fekk kjøpt Ramnestadloftet i 1927, etablere dei også eit båtbygger verkstad i kjellaren, sidan man fekk båtbyggerverktøy saman med kjøpet av huset (Brev: Nordfjord Sogelag 1937, Brev: Ramnestad), det er og registrert båtbygger utstyr i protokollen på 40 talet (Hovudprotokoll 1).

Innsamlingspraksisen

Spørsmålet er nå korleis arbeida man bed å bygge opp denne samlinga? var det ein aktiv eller var dei ein passiv innsamling. Stod sogelaget og styret for mykje av arbeidet, eller var befolkninga i Nordfjord som tok inaktive til å bygge opp samlinga på museet. Kven var det som stod for valet for kva som kom inn i samlinga?

Ein av måtane man i starten brukt for å samle inn ting til museet, var at sogelaget utnemnde arbeidsnemnder i kvar av kommunane i Nordfjord. Disse nemndene hadde fire oppgåver 1. verve nye medlemmer i sogelaget, då hels tak i livsvarige medlemmar 2. undersøke og notere ned gjenstandar, som man tenkte seg kunne vere aktuelt å levere til museet, som gamle bygningar, husgeråd, reiskap m.v. 3. Arbeide for at gjenstandar vart gitt som gåve til museet. 4. Få oversikt over utflytta nordfjordingar, særleg i Amerika, som kunne tenke seg å bli medlem eller på andre måtar støtte dette prosjektet. I tillegg til nemndene sendte også sogelaget eit skriv ut i alle lokalaviser, med ein oppmoding om å hjelpe til med å sjå etter gjenstandar, som kan ha betydning for å vise deira forfaders liv og virke, at dei ikkje måtte selje eller øydelegge, utan at styret mått få beskjed (Nordfjord Sogelag 1922: 9).

Eg tenker dette viser til både aktiv og passiv innsamling. Arbeidsnemndene er ein innsamlingsmåten eg vil set at er meir aktiv enn passiv, fordi sogelaget utnemner folk i dei forskjellige kommunane til å gjere eit arbeide for dem, som skulle jobbe med å sjå etter passande ting som dei skulle melde frå til sogelaget om. Derimot er det å publisere i lokalaviser, om at dei ønsker gjenstandar til museet er ein meir passiv innsamlingsmåte, der dei oppmodar folk i distriktet om å sjølve sjå etter ting med verdi.

Det er ikkje mange spor eg har funnet etter desse nemndene, i arbeidet mitt har eg gått gjennom korrespondansearkivet til museet, frå 1908 til 1946. Det einaste spora eg finn, er to brev til museet i juli 1908. I breva er det skreve ned lister med gjenstandar frå ulike plassar i Hornindal, som kan være av interesse for museet. I eine brevet er det oppført namn på potensielle givarar og dei gjenstandar dei kan gi til museet. Ut i frå det eg kan sjå, så er ingen av tinga på den lista tatt inn i samlinga, men eit av namna kjem opp i museumsalinga med to andre gjenstandar. Det finnes like gjenstandane samlinga, men kan ikkje sjå at desse kjem frå Hornindal (Brev: Kirkehorn 21.07.1908, Brev: Rygg 11.07.1908).

I det andre brevet står det litt meir, det er på fleire sider og inneheld fleire brev. Det kan sjå ut som om det er ein person som har vært i kontakt med andre i same kommune, så har han hatt ansvaret med å samle breva og sende dei til sogelaget. Avsendaren av brevet skriv at det følger med ein liste av ting som bør komme på det påtenkte museet, men han referer også til ein han har vært i kontakt med, som meiner det ikkje er noko av interesse frå hans krets. I eit av dei vidaresendte breva, er det ein liste av ting og frå kor gjenstandane kjem frå. Slutten av brevet skriv han at enkelte vil gi gjenstandane utan å få betalt for det, andre vil berre gi mot betaling og ein siste gruppe vil ikkje at gjenstandane skal forlate garden i det heile tatt. På slutten skriv han og at arbeide med å få tak i medlemmer til sogelaget har berre resultert i ein ny medlem, nemleg han sjølv. Eg kan ikkje ut i frå protokollane sjå at nokon av dei gjenstandane som vart nemnt i breva frå Hornindal vart tatt med i samlinga, men eg finn same type gjenstandar i museumssamlinga. Det man har meint var av verdi, var til dømes smørkinne, diverse skrin, koffert, kister, ølbolle, smørkanne, lysestake, kvinnfolktrøye, vest, huspostill, biletbibel, norske kongars historie, sverd, korde, gevær, hestebissel, bismarvekt, barkehøvel m.m.

Det finnes fleire eksemplar av desse gjenstandane i samlinga, for eksempel finner eg at det tatt inn 7 sverd og 4 korde, rundt 35 lysestakar, 45 Smørkanne og 53 huspostillar.

Fleire av gjenstandane er samla inn over lang tid, men eksempel frå alle desse kjem tideleg inn i samlinga (tilvekstprotokoll 1). Så eg tolkar det at det finnes fleire av desse gjenstandane i samlinga viser at mange er einige om at dei høyrar heime på museet.

Eg har funnet svært lite kjelder som tilseier kor mykje disse arbeidsnemndene bidrog med, til samlinga, men ut i frå det eg ser så var det sogelaget og museumsstyret, som tok valet om kva som vart tatt inn i samlinga eller ikkje. Ut i frå korleis nemndene skulle arbeide, ved å gi beskjed over aktuelle ting, som kunne vere relevant for museet, så tenker eg meg at sogelaget hadde relativ kontroll på kva dei ønskte å ta inn i samlinga. likevel har eg og funne brev i arkivet til Nordfjor Folkemuseum, som viser til innkomst av gjenstandar dei ikkje hadde like stor kontroll over. I desse breva finne eg spor av at folk sjølve vende seg til museet, med gjenstandar som kanskje kunne være av interesse.

Mannen frå Stryn som ønska å selje stover til museet i 1934, skriv og at han har noko gammalt innbu og reiskap som museet kan kjøpe om dei er interessert (Brev: Harvadalen 07.06.1934, 22. 08.1934).

Frå Lone kom det eit brev i 1943, med spørsmål om museet var interessert i ei gamal turkebrye, svaret var at den ville dei gjerne ha, men at den mått ikkje bli for dyr, for museet hadde lite med pengar (Brev: Haugen 18.10.1943, Brev: Sande 16,11,1943).

Denne måten å arbeide på ved å opprette eigne arbeidsnemnder eller la befolkninga vere med på arbeide med å samle inn gjenstandar til ei samlinga er ikkje noko nytt. Frå Norge så sette biskop Gunerius saman ein rik samling av naturalia, i Trondheim på midten av 1700- talet. Med hans posisjon som biskop hadde han alt eit nettverk, etter kvart fekk Biskopen folk til å gi gåver som ville passe inn i hans naturalia samlinga (Brenna 2011:25 26, 28-29).

Han forklarte også korleis ein skulle behandle gjenstandane på best mogleg måte og kva type informasjon som skulle følgje med gjenstandane (Brenna 2011:30).

Hazelius reiste også rundt for å leite etter gjenstandar som kunne eigne seg i samlinga ved det Nordiska Museet. Då han fekk tak i gjenstandar inngjekk han og avtaler med dei han forhandla med om at dei nå måtte være på utkikk etter andre ting som kunne passe på museet i deira område. Etter kvart gjorde han dem til lokale museumsombod (Bäckström 2012:37).

Vidare har eg og funnet brev som tilseier at folk sende gjenstandar dei meinte måtte være av interesse til museet, utan at museet har fått godkjent det først.

Eit av dei første breva eg fant frå juli 1920, sender avsendaren frå Olden gjenstandar til oppbevaring på museet, han ønsker at gjenstandane fortast vert ein del av gardens eigedom.

Han skriv at han håper at gjenstandane kjem før den høgtidlege opninga (Brev: Aaberg, 20.07.1920). Ut i frå brevet verker det ikkje som om personen på førehand har spurt om det er greitt å sende dei gjenstandane han sender. I eit annet brev frå same månad, sender ein frå Måløy inn medlemsavgifta til sogelaget, med dette sender han også med sine egne ord, ein sekk med gammalt skrap, som kanskje kan være av interesse for museet (Brev: Sandvik 22.07.1920). Eg veit ikkje kva han meina med å kalle gjenstandane han sender for skrap, og kva det seier om givarens forhold til museet. Det kan verke som om vedkommande meina at det man samlar inn på museet er noko tull, og at dei tar vare på gamle ting som, folk sjølve ikkje lenger ønsker. Men vedkommande har jo sjølv valt å sende gjenstandane til museet, og han er medlem av sogelaget som arbeider for museet. Det eg tenker dette kan dreie seg om, er at eit medlem av sogelaget, har komme over noko heime som han ikkje lenger brukar, men han tenker at det kan passe på museet. Han vel å sende tinga til museet, utan at dei har avklar om dei ønsker å ta imot eller ikkje, som gjer at eg tenker at givaren ikkje bryr deg så mykje om tinga han sender, bortsett frå at han synes det er dumt å berre kaste det, om museet kunne fått brukt for det.

Det siste brevet eg finn er eit brev frå 1936, her vert ei kaffikvern sendt frå Vågsøy via hurtigruta til museet (Brev: Lem 25.07.1936).

Kaffikverna er det einaste eg har funne igjen i samlinga (nr. 1376) av desse gjenstandane (Hovudprotokoll 1), som ikkje er så rart sidan den første berre gav gjetnadar til museet for oppbevaring og den andre ikkje gav noko informasjon om kva han sendte.

Det var ikkje berre arbeidsnemndene som førte til eit aktivt innsamlingsarbeid ved museet, det var også sentrale personar innan sogelaget og museumsstyret som var aktive i arbeide med å samle inn til museet.

Fylkesagronom Bruskeland, som var formann i sogelaget dei tre første åra, han hadde på ferdene sine fått tak i mykje forskjellige ting frå fleire bygder, å gjorde mykje av det grynleggande arbeide for oppbygginga av museet til han flytta vekk i 1911 (Nordfjord Sogelag 1922:13). Eg finn derimot han ikkje innført i protokollen (Tilvekstprotokoll, Hovudprotokoll), så eg tenker at gjenstandane han har vært med å samle inn står oppført med namnet på dei han henta gjenstanden i frå.

Ein annan man som har gjort mykje arbeid, var Lærar Erik Aasebø. Han reiste rundt i heile Nordfjord, då særleg Gloppen og Breim, og samla inn mange ting, hels da gåver til museet (Nordfjord Sogelag 1922:13). Han er oppført i protokollen over 80 gongar, fleste av oppføringane står som gåve frå Aasebø, medan nokon står det spesifikt at gjenstanden kom

frå nokon andre, men det var Aasebø som samla det inn til museet (Tilvekstprotokoll, Hovudprotokoll). Så det kan være at det meste eg har funnet er private gåver frå han, og at som ved Bruskelands tilfelle, er dei gjenstandane han var med på å samle inn ikkje oppført med hans namn. Av andre personar eg kan nemne som har vært involvert i styret og sogelaget er fru Eide frå Davik, som den andre givaren oppført i protokollen, gav ho fire ting til museet, ho var i starten varaformann ved Sogelaget (Nordfjord Sogelag 1922:9 tilvekstprotokoll). Styrsledar for museet Lærer Ola Sande, står oppført i protokollen tre gonger (Hovudprotokoll). Lærer Lars Søreide frå sogelaget er oppført som givar, rundt 60 gongar i samlings protokollen (Hovudprotokoll). Mange av desse som var involverte museumsarbeidet var lærarar, desse var typiske menneske som interesserte seg for museumssaken rundt 1900; den nye utdanna middelklassen som hadde blikket retta framover samtidig som de så framsteg som en trussel mot verdiane frå fortida. Dette var menneske som hadde lest eller i det minste var orientert om verka til historikarane (Reme & Økland 2012: 49).

Det er disse spora eg har om korleis ting kom til museet, det er god oversikt over kven som var tidlegare eigar av gjenstanden, men ikkje kvifor desse eigarane gav ting, gjorde dei det av egen vilje eller var det nokon som reiste rundt og overtalte dei til å gi til museet. Det kan jo vere ein blanding av begge, men eg kan ikkje ut i frå korrespondansen eller protokollane sjå kva som var den mest gjeldande?

Samlinga kom ut av kontroll allereie i 1924, fire år etter opninga av museet, grunnen til det er nok satt saman av ulike faktorar. Eg tenker meg ein av grunnane er ulike innsamlingkanalar, sogelaget har arbeida hardt for å nå ut til befolkninga, dei har oppretta nemnder og er sjølve svært aktive, samt at dei gjennom aviser og lokale blad oppfordrar folk til å ta vare på gjenstandar som dei meina passar på museet. Det nevens i teksten at man har arbeidet mykje for at gjenstandane som vart samla inn til museet kom inn som gåve. Av det eg kan sjå har største delen av samlinga kome til museet som gåver. I løpet av dei 1000 første nummera i protokollen, ser at 19 er kjøpt av museet for til saman litt over hundre kr. Så museet har fått mykje som dei ikkje treng å betale for, dette vil eg tenke meg gjer det lettare for museet å ta imot gjenstandar utan å tenke for mykje gjennom om dei er nødvendige i samlinga.

Det har og vært satt i stand ordningar, som gjer det lettare å sende gjenstandar inn til museet. Der eg har funne brev der dei skriv at dei har ein avtale med fylkesbåten, at man kan frakte ting til museet gratis (Brev: Sande 16,11,1943). Dette førte jo til at det vart mykje lettare for

folk langs fjorden å sende gjenstandane til museet, som igjen vil føre til at det kjem fleire gjenstandar inn til museet.

Ved Universitetets etnografiske samlingar, i dagens Oslo, var det ved overgangen til 1900-talet ein tanke at museet skulle vakse gjennom at museet fekk gåver. Økonomien var ikkje stor, så man var avhengig av donasjonar, men dette førte til ein til at samlingsutviklinga vart planløyse, fordi ein ikkje kunne få full kontroll over kva som vart donert. Men dette var ikkje berre negativt, for dette arbeidet var med på å engasjere nordmenn, til å sjå det som ein glede og ein plikt i å ta del i museet arbeid. Museumstyraren Yngvar Nielsen var ivrig med dette arbeidet, han dreiv aktivt med nettverksbygging og korresponderte med nordmenn, og skaffa fleire nye givarar Ruud & Ween 2019: 26).

Det har og vert eit problem med plassen, husa vart fort fylt opp av gjenstandar, og viss man legger dette saman med at man ikkje hadde kontroll med registreringa, så er det fort gjort at man ikkje har full oversikt over kva man har i samlinga, som gjær at det fort kan bli gjentakningar. Eit eksempel på dette tenker eg kan være museets samling av kole, som er ei oljelampe, frå nr. 351 – 368 er det registrert 18 stykk frå forskjellige givarar (Tilvekstprotokoll 1).

Gjenstandane i samlinga

Vidare vil eg så på kva man har samla inn av gjenstandar, og sjå om dette kan belyse innsamlingprosessen meir. Som nemnt tidlegare så mangla ein eit museumsbygg til å bevare gjenstandane i, og dette gjekk utover plassen dei hadde. Ved å sjå i protokollane, skal eg sjå om dei gjenstandane som samlast inn, passar saman med dei bygga som kjem på museet i same periode? Eller er det andre ting som kjem fram?

Til å begynne med tenker eg vil gi ein kort oversikt over talet på gjenstandar som kjem inn i samlinga i denne perioden.

Eg har ikkje funne ut eksakt kor mange gjenstandar som hadde vorte samla inn til opninga av museet, men eg veit at det var registrert 1000 gjenstandar i samlinga i 1924 (Årsmelding 1924). 13 år seinare i 1937, der samlinga på 1400 gjenstandar (Årsmelding 1937/1938). vidare åtte år seinare i 1945 har samlinga vakse opp til 1637 gjenstandar (Ommedal 1995: 58). Ved nr. 1841 står det årstal 1953, og fram til 1960 har samlinga komme opp til 2075 gjenstandar.

Så på rundt 50 år har man ved Nordfjord Folkemuseum samla inn litt over 2000 gjenstandar. Det ser og ut til at man er svært ivrige i byrjinga, men så går det litt ned. Ved dei første ti åra

så kjem det inn rundt 1000 gjenstandar, i løpet av dei neste ti kjem det inn 400. Ved dei neste ti kjem det rund 200, det same etter ti år til, og det kjem inn rundt 200 mellom 50- g 60-talet. Eg tenker at det er naturleg i ein oppstartfase, alle vil bidra og vere ein del av det nye museet, så når museet har opna så dabbar det litt ned. Men det kan og vere at ein byrjar å merke at ein ikkje har nok plass, og det vert derfor tatt inn færre ting i samlinga, fordi man venter på eit eige museumsbygg.

Når eg har gått gjennom samlinga har eg prøvd å gruppere gjenstandane inn i forskjellige kategoriar, som klede og tekstilar, møbel og mat. Det vert for mykje å gå gjennom alle 2000 gjenstandar, så derfor vil eg ta for meg dei som eg ser utmerkar seg (Hovudprotokoll 1, Tilvekstprotokoll 1). Frå starten av vert det tatt inn mykje forskjellig, men dei kategoriane som eg ser utmerkar seg er spesielt våpen og klede tekstil. Av våpen er det både diverse stikk- og skytevåpen. Her finnes det både soldatutstyr, som sabel, kordar og bajonettar, men den andre delen av våpena vil eg tenke har mykje med jakt og gjere, som hagle, rifle, kruthorn og haglepung. Eg er ikkje sikker på kor relevant soldatutstyr er på museet, i så fall tenker desse gjenstandane passar betre i eit eige utstillingsbygg, enn i eit av hus, om ikkje det skal brukast som ein prydsak. Jaktutstyret tenker eg har ein plass også i friluftsmuseet. Våpena finnes mest av tideleg i samlinga, då truleg frå før opninga av museet. klede og gjenstandar tilknytt tekstilhandverk førekommer gjennom heile perioden. Det kjem inn mykje dåpstøy, gjerne da dåps- og barnehuer, men og skjorter, vestar, snøreliv som eg tenker kan vere type folkedrakter, men det er og ein del underklede som trøyer. Det finnes og ein del tilbehøyr som kragar, forkle, band, belte og ein del kvinnfolklommer med lås. Det er og i denne kategorien samla inn mange handverkreiskap. Det er gjenstandar til lin produksjon, og til å lage ullgarn og det er teke inn mange vevgrinder til å veve band. Dette er gjenstandar som passar godt i dei bygga som ein har skaffa seg. ein kategori eg er overraska det ikkje finnes meir av er møbel, for eg tenke det er vesentleg med tanke på at ein skulle innreia husa. blant dei første 500 gjenstandane kjem det inn fem skap, då helst kråskap, ei vogge, og ei kiste. Etter dette kjem det inn lit meir, fleire stolar, bord, endå ei vogge og nokre senger. På femtitalet kjem det inn skule bord og benkar. Det kjem og gjennom heile perioden gjenstandar knytt til matlaging og husgeråd, mykje av dette er for servering som ølbollar og smørkanner, desse passar også godt inn.

Det er eit par kategoriar som vert samla inn, som eg tenker ikkje har ein eigna plass på museet, det er diverse verktøy og reiskap ein oftast finn i uthusa og diverse landbruk- og dyrehaldreiskap. det kjem ikkje mykje av desse, men det førekommer. Av verktøy og reiskap,

kjem det inn høvlar, øksar, emne til bord, ljå, banketre, og på tidleg 20- tal kjem det inn rundt 30 plogar. Kor alle desse gjenstandane skulle plasserast hen veit eg ikkje.

Det førekommer i samlinga at det er eit stor tal gjenstandsgrupper, den største av desse må være religiøse bøker, frå nr. 383 – 424, nr.476 -590, nr. 1050 – 1090, nr. 1414 – 1565 er alle bøker, der fleste er kristendomsbøker, men nokon er diverse historiebøker og skulebøker. Det overraskar meg over kor stort dette inntaket har vært og at med dei religiøse bøkene ser det ut ti å være mange gjentakningar, men eg tenker at mange av disse bøkene passar inn i skulemuseet.

Det er eit bredt gjenstandsmateriale, og det er ikkje noko som direkte utmerkar seg med at det ikkje passar inn i samlinga, det eg hadde etterlyst meir hadde kanskje vært meir informasjon i protokollane over kvifor ein tokk desse gjenstandane inn i samlinga, kvifor var dei viktige. for det står ofte svært lite om gjenstandane i protokollen, ofte berre namn, utsjånad og gjevar. Det er vanskeleg for meg å vite om gjenstandane kom inn med oppmoding frå dolke i Nordfjord, eller om dei kom inn i samling på grunn av val sogelaget og styre gjorde.

Oppsummering og konklusjon

Frå ein ide om eit museum som skulle omhandle heile Nordfjord i 1907, så har det skjedd mykje. Museet stod opent den 25.juli 1920, men fortsette og vakse til at dei ikkje lenger hadde moglegheita til å oppnå det dei ønskte på det området museet stod på. Løysninga vart å flytte heile museet til eit større området. Det museet som står her i dag, er nok ikkje det museet dei første museumsgrunnleggarane såg for seg, då dei starta arbeidet med det for meir enn hundre år sida. Oppbygginga av museet skjedde nok heller ikkje heilt etter planen, som kjem frem i denne oppgåva, som tar for seg museets første tid frå oppstarten i 1908 til flyttinga på 60-talet.

Plane for museet var ein skulle samle inn bygningar som skulle setjast opp som eit typisk nordfjordtun, med innhus lengst fremm på bakken og uthusa lenger bak. Det som ikkje kjem frem er korleis tunet skal sjå ut, eller tal på bygningar ein ønsker.

Allereie før planen vart lagt frem i 1915, så vart det tatt in tre hus, eit av desse passar kanskje ikkje så typisk nordfjordtun. Gjennom innsamlingsarbeidet vidare ser ein at dei i hovudsak fokuserer på innhus, og gjerne da bygningar dei har frå før, så spørsmålet har vært om dei har ønskt å skapa ein typologisk utstilling saman med tunet, men det kjem frem seinare at museumsdrifta har vært prega av ein dårleg museumsplan, som har ført til at det har vore

gjentakingar i bygningane. Det vart aldri eit fullstendig nordfjordtun på museumstomta i Åsen, samlinga bestod av stort sett innhus, uthusa vart ikkje samla inn før etter denne perioden.

Då det gjelder innsamlinga, så ser det ut til at dei som satt i styret og sogelaget hadde kontroll på og tokk avgjersles over bygningane på museet., sjølv om dei kanskje ikkje hadde full kontroll på kva som skulle være målet.

Når det er snakk om gjenstandar derimot, hadde man nok ikkje like god kontroll. Det var mange innsamlingskanalar, det var personar som var utnemnt i kvar kommune til å jobbe med å finne gjenstandar, enkelte personar ved museet var og sjølve svært aktive og dei oppfordra folk i Nordfjord om finne og gi gjenstandar til museet. Det vert fort fylt opp, og man begynner å få problem med å ta vare på gjenstandane, og med å få vist dei frem på ein ordentleg måte.

Når det kjem å sjå på museet ut i frå Hooper-Greenhill sine spørsmål og ved å bruke «effective», så veit eg ikkje om eg klarar å sjå klare brud, som kan forklare kva som skjedde med museet. Eg tenker at eit brud, var at samlinga vaks for fort, enn det dei hadde plass til, dette førte til opphoping, som og sikkert førte til at det ikkje var like lett å gjere den jobbe som skulle gjerast. Så må jo eit brud ha vært at plutselig trengte alle bygningane vedlikehald, slik at dei ikkje var øydelagde. Dette førte til at vidare arbeid med å byggje opp museet måtte stoppe opp. Eit siste, men kanskje det størst, var at ein ikkje lenger kunne utvikle museet på den tomta den stod på. Dette førte til at heile museet flytta, så i tida før og etter var det mykje jobb med dette prosjektet. Som førte til at museet er heilt annleis nå, enn det ville vert om det fortsette å stå der det stod først.

Eg vil sei at «folkemuseumsparadigmet» var gjeldande ved dette museet, det som var gjort på sjølve museet, med tanke på planlegging og innsamlingsarbeid, er praksisar som er vorte gjort ved andre museum. Dei hadde og kontakt med personar med høg fagleg kompetans, der både Direktør Hans Aall og konservator Robert Kloster var innom museet for å gi råd til drift.

Eg tenker at ein av den største grunnen til at museet vart som det vart, var at det ikkje var nokon utpekt leiar, man hadde ein styreleiar, men ingen som var fulltidstilsett, som hadde hovudansvaret for den daglege museumsdrifta. Det var mange som hadde ein stemme og det fantes ut i frå det eg kan sjå ingen klare plan for innsamling av bygningar og gjenstandar. Men i starten av ei museumsgrunnlegging tenker eg dette er naturleg, for når man startar dette arbeide er man såpass ivrig, at man ønsker å byggje opp museet så raskt som mogleg.

Når eg ser på samlinga og oppbygginga av den, så får eg følelsen av at den viser eit demokratisk museum, som var satt i gang, med initiativ frå Firda ungdomslag, som oppretta Sogelaget. Der alle hadde moglegheit å melde seg inn og museumsstyret har vært med å forme museet. Også kommunane og folket i Nordfjord har hatt moglegheit til ta del i museet og velje kva dei ønsker å gi. I motsetning til Sogn Folkemuseum dei Heibergske Samlinger som starta som den private samlinga til Gert Falch Heiberg, der han sjølv stod for mykje av den første innsamlinga. Riktig nok vart truleg samlinga til Heiberg meir strukturert, han hadde alt i 1908 fått til ein samling på 3000 gjenstandar, etter 50 år hadde man ennå berre oppnådd litt over 2000 gjenstandar ved Nordfjord Folkemuseum, men eg tenker at fleire må ha følt seg ein del av denne samlinga, og det var fleire som hadde noko å sei for kva som var viktig å samle inn og da vill eg sei at man har eit museum som ein kan sei representer Nordfjord.

Kjelder

Askheim, Svein

2020, *Nordfjord*, i Store norske leksikon på snl.no, Internett, tilgjengeleg på: <https://snl.no/Nordfjord>, 03.05.2020

Avdem, Anna Jorunn, Aage Engesæter & Lars Asle Vold.

2009, *Levd Liv*, Ei soge om sogningane og museet deira, Skald Forlag.

Berg, Arne

1968, *Norske Gardstun*, Institutt for Sammenlignende Kulturforskning, Universitetsforlaget, Oslo.

Brenna, Brita

2003, *Verdensutstillinger: Å se er å lære*, i *Museer i fortid og nåtid: Essays i museumskunnskap*, red. Arne Bugge Amundsen, Bjarne Rogan og Margrethe C. Stange, Novus forlag, Oslo, s. 46-69.

Brenna, Brita

2011, *Materielle forbindelser: En natursamlende biskop og hans ordning av verden*, i *Materiell kultur & kulturens materialitet*, red. Saphinax-Amal Naguib og Bjarne Rogan, Novus Forlag, Oslo.

Bäckström, Mattias

2012, *Hjärtats härdar: Folkliv, Folkmuseer och Minnesmärken i Skandinavien, 1808 – 1907*, Gidlunds förlag.

Eide, Bjørn & Svein Askheim

2020, *Måløy*, i Store norske leksikon på snl.no, Elektronisk dokument, <https://snl.no/M%C3%A5l%C3%B8y>, 03.05.2020.

Eriksen, Anne

2009, *Museum En kulturhistorie*, Pax forlag.

Haugen, Morten Olsen

2020, *Hornindal - tidligere kommune*, i Store norske leksikon på snl.no, Internett, tilgjengelig på: https://snl.no/Hornindal_-_tidligere_kommune , 03.05.2020.

Haugen, Bjørn Sverre Hol

2016, Kristofer Visted – museums mann og kulturhistorikar, i *Jul i gamle dager* *Jul i gamle dager*. Tekster av Kristofer Visted, Spartacus Forlag AS / Scandinavian Academic Press.

Hegard, Tonte

1982, *Romantikk og fortidsvern* : studier i fremveksten av friluftsmuseer i Norge, Oslo, Universitetet i Oslo.

Hooper-Greenhill, Eilean

1992, *Museums and the shaping of knowledge*, Routledge, London.

Hylland, Ole Marius

2017, Museenes samfunnsrolle – et kritisk perspektiv: Om komplekse institusjoner og institusjonell lasteevne, i Norsk Museumstidsskrift, Årgang 3, nr. 2-2017, s. 77-9.

Keene, Suzanne

2005, *Fragment for the world – Uses of museum collections*, Elsevier Butterworth-Heinemann, Oxford.

Larsen, A.K.

1981, *Frøysa i Sunnylven: naboskap på et vestnorsk mangbølt klyngetun i historisk og komparativt perspektiv*, magistergradsavhandling ved institutt for sosialantropologi Universitetet I Oslo, Oslo.

Mork, Paal

2010, *Norsk folkemuseum : Friluftsmuseet*, Oslo: Norsk folkemuseum.

Nordfjord Folkemuseum

Holvikejekta, Internett, tilgjengelig på:

<https://www.nordfjord.museum.no/nn/holvikejekta-0>, 01.04.2020

Nordfjord sogelag

1922, *Festskrift i anledning aapningen av Nordfjords Folkemuseum*, Bergen.

Nordfjord sogelag, Sogn og Fjordane ungdomslag & Nordfjord folkemuseum

1990, *Årbok for Nordfjord: eit skrift for folkeminne og kulturminne*, Årgang 24. Sandane

Norsk Lokalhistorisk Institutt

Historielag, Nasjonalbiblioteket, elektronisk dokument,
https://lokalhistorie.no/?page_id=417, 02.12.2020

Olsrud, Janne Werner

2018, *Om "Et av de viktigste arbeider ved et museum"*: en studie av dokumentasjonspraksisenes gjøren av museumsgjenstander, Universitetet i Oslo Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Det Humanetiske Fakultet, Universitetet i Oslo.

Ommedal, Hans

1995, Nordfjord Folkemuseum gjennom 50 år, i : *Årbok for Nordfjord: Eit Skrift for folkeminne og kulturminne*, Årg. 29, Nordfjord Sogelag - Sogn og Fjordane Ungdomslag - Nordfjord Folkemuseum, Sandane.

Pearce, Susan M.

1992, *Museums, Objects and Collections: A Cultural Study*, Leicester University Press, Leicester and London.

Pedersen, Ragnar

2005, Anders Sandvigs museumssyn - *verdier og ideer*, i *Maihaugen 100 år - evig ung*, redaktør Arnfinn Engen, Maihaugen, Lillehammer.

Reme, Eva & Norun Økland

2012, Ting og typologier - en utforskning av landbruksutstillingen på Dalene Folkemuseum, i *Nordisk Museologi 2012 - 2*, s. 47-63.

Rentzhog, Sten

2007, *Friluftsmuseerna: En skandinavisk idé erövrar världen*, Carlsson Bokforlag, Stockholm.

Ruud, Camilla & Gro Ween

2019, *"En Trængslernes Historie"* En antologi om museumsmannen og historikeren Yngvar Nilsen, Orkana Akademisk.

Shetelig, Haakon

1944, *Norske museers historie*, Oslo: Cappelen.

Tvinnereim, Jon & Torkjell Djupedal, Sverre Folkestad

2016, *Nordfjordboka: Kulturhistorisk egvisar*, Nordfjord Sogelaf, Selja forlag.

Wilhelmsen, Tor, Kari-Bjørg Saarheim, Kjell H. Myhre, Åse Ingeborg Raastad Velsand & Åse A. Lange

1988, *Hadeland Folkemuseum 75 år, 1913-1988*, Hadeland Folkemuseum Jaren.

Ågotnes, H.-J.,

2007, Lokalmuseet i det sosiale landskapet : fortidsformidling i Hordaland gjennom hundre år, I *Lokalmuseet i det sosiale landskapet : fortidsformidling i Hordaland gjennom hundre år*, Bergen, pp. [45]-67.

Upublisert arkivmateriale frå Nordfjord Folkemuseum

Årsmelding

1924

Årsmelding for Nordfjord Folkemuseum til Nordfjord Sogelag, 02.10.1924

1934/ 1935

Årsmelding 01.07.1934/ 30.06.35 frå styraren for Nordfjord Folkemuseum frå Arne K. Eide, 30.08.1935.

1935 /1936

Årsmelding for Nordfjord Folkemuseum Arne K. Eide, 09.09.1936.

1937/1938

Årsmelding for Nordfjord Folkemuseum.

1940/1941

Utdrag frå årsmelding for Nordfjord Folkemuseum.

Brev og korrespondanse frå arkivet til Nordfjord Folkemuseum

Aaberg, Rasmus

20.07.1920 brev, til lærar Gudbrand Henden om gjenstandar til museet, Olden.

Eide, Arne K.

21. 01.1931, brev, til lærar Ola Sande angående køyring av Ramnestad stova til museet, Sandane.

Eide, Arne K.

23. 02.1931, brev, til lærar Ola Sande køyring av Ramnestad stova til museet, Sandane.

Eide, Ane K.

1932, Melding frå tilsynsmann for Nordfjord Folkemuseum for perioden 1.07.1931-30.06.32.

Eide, Arne K.

06.06.1933, brev, Nordfjord Folkemuseum melding for perioden 1932 – 1933.

Eide, Arne K.

14. 03. 1934, brev, til formann i styret for Nordfjord Folkemuseum Ola Sande.

Eide, Arne K.

10.08.1936, brev, til Nordfjord Folkemuseum, rapport frå museet.

Eide, Arne K.

- 20.03.1937, brev, til styret for Nordfjord Folkemuseum, Sandane.
- Fitje, Knut K.
27. 07. 1931, brev, til lærar Ola Sande kjøp av kyrkjebåt Fitje, Fitje.
- Harvadalen, Åmund
07. 06. 1934, brev, ønske om å selje røykstove til museet. Faleide.
- Harvadalen, Åmund.
22. 08.1934, brev, ønske om å selje røykstove og stove til museet. Faleide.
- Haugen, Simon
- 18.10.1943, brev, spørsmål om museet ønsker ei turkebrye, Loen.
- Kirkehorn, S.
- 21.07.1908, brev, gjenstandar av relevans for museet frå Hornindal, inneheld også brev frå Lars Svor til Kirkehorn, Hornindal.
- Kvaale, Olav
13. 01.1926, brev, til formann for Nordfjord Folkemuseum med spørsmål om kva som vil skje med stabburet på Tystad, Vereide.
- Lem, Sofie Cappelen
- 25.07.1936, brev, beskjed om at det vert sendt ei kaffikanne til museet, Måløy.
- Nordfjord Sogelag
- 1937, Tilstandsrapport, Nordfjordmuseet (Nordfjord Sogelag), Inspisert 28.06 – 01.07.1937.
- Ramnestad, Arne Kristian
- Kjøpekontrakt, Kjøp av Ramnestad nystove og røykstove av Arne Kristian Ramnestad, Rygg, utan dato.
- Rygg, O. I.
- 11.07.1908, brev, gjenstandar med relevans til museet frå Hornindal, Hornindal.
- Sande, Ola
- 02.10.1938, brev, Brev til Kyrkje- og Undervisningsdepartementet frå Ola Sande, brev som omhandlar tilstanden til museet og Arne K. Eide sin avgang.
- Sande, Ola
- 16,11,1943,brev, svar på brev frå Simon Hauge, takker ja til tilbodet, Sandane.
- Sandvik, F. F.
- 22.07.1920, Brev, Til Nordfjord Sogelag ting til museet frå Vågsvåg, Vågsvåg.

Katalogpostar

Tilvekstprotokoll 1: Registrerte gjenstandsnummer frå nr.1- nr. 424

Hovudprotokoll 1: År frå ? – 1977, registrerte gjenstandsnummer frå nr.1- nr.3200.

Primus: Nordfjord Folkemuseum (NFM) sine samlingar, antikvariske bygningar frå nr. NFM. 001 – NFM.044

Biletkeitering

Bilde 1: Kartverket, norgeskart.no.

Viser området over Nordfjord, redigert av Karoline Stubberud Eide, for å viser inndelingane av kommunane i Nordfjord.

Bilde 2: Kartverket, norgeskart.no.

Satellittbilde av Sandane sentrum, redigert av Karoline Stubberud Eide, sirkel 1. viser kvar Nordfjord Folkemuseum stod første gongen og sirkel 2. viser kvar det flytta på 60-talet.

Bilde 3: Mittet & Co. AS, 1948, Sandane.

Fotografi av Nordfjord Folkemuseum med utsikt mot Sandane sentrum.

Vedlegg 1: Oversikt over kommunane i Nordfjord

Dette er ei oversikt over kommunane i Nordfjord slik kartet såg ut før kommunereforma dei siste åra, og om korleis kommunane har vore undervegs under oppbygginga av Nordfjord Folkemuseum.

Dei tre kystkommunane er Selje og Vågsøy nord for Nordfjorden, og Bremanger sør for fjorden. Selje vart oppretta i 1838 (Lefdalsnes, 2015, p. 93). Kommunen vart godt utstyrt med vegar som knytte kommunen saman, men har ikkje alltid vore like godt knytt til resten av Nordfjord. Hovudnæringa i kommunen var fiske og jordbruk (Lefdalsnes, 2015, p. 93).

Vågsøy ligg sør for Selje, som tileigare var delt inn i Nordre- og Søndre Vågsøy. Desse kommunane skilde seg ut frå Selje kommune i 1910. Hovudnæringa i Nord-Vågsøy var fiske og jordbruk, med nokon industri knytt til fiske og kystfart ved tettstaden Raudeberg.

Kommunen hadde ferjesamband til fastlandet og derifrå riksvegsamband til Nordfjordeid.

Måløy var og ein stoppestad for Hurtigruta og fylkesbåten som hadde ruter mot Bergen og langs nærområdet. Måløy hadde eit velutvikla næringsliv innan fiske, handel og kystfart, elles var litt av næringa i kommunen jordbruk.

I 1964 vart begge kommunane slått saman til ein kommune, Vågsøy (Lefdalsnes 2015: 94-95). Sjølv om mykje av materialet eg brukar i denne avhandlinga er frå før 1964, så vil eg referere til begge kommunane som Vågsøy slik det var før 2020.

Bremanger var tidlegare delt i to kommunar, Bremanger og Davik kommune. Bremanger var frå 1837-1836 ein del av Kinn kommune, etter dette var dei ein eigen kommune med det veksande fiskeværet Kalvåg som kommune senter. Kommunen låg lengst vest og omfatta både øyer og delar av fastlandet. Davik kommune låg på sør sida av fjorden, men hadde også område på nordsida. Ved kommunereguleringa 1964-1965 vart Davik kommune oppløyst, områda nord for fjorden vart no ein del av Vågsøy og Eid, og resten av området sør for fjorden vart no ein del av Bremanger kommune.

Vegsambandet i kommunen har ikkje vore godt, og fram til i dag er det svært dårlege vegar, så sjøen og fjorden har i hovudsak vore den viktigaste kontaktvegen.

Over halvparten av befolkninga er busett i dei tre tettstadane Svelgen, Kalvåg og Bremanger, medan resten er spreidd busetnad då helst kring sjøkanten. I tillegg til fiske har ein og industri, og i seinare år har turisme vore ei viktig næring (Tvinnereim et.al2016:272-274).

Lenger inn i fjorden finn ein Eid og Gloppen på kvar si side, Eid ligg på nordsida. I denne kommunen var jordbruk den viktigast næringa, men det var likevel naudsynt med andre tilleggsnæringar, då gjerne fiske. Eid hadde litt industri innan trevirke og konfeksjon.

Kommunesenteret Nordfjordeid hadde ein solid posisjon som handelssenter og var kjend som ein skulestad, med handelsskule, folkehøgskule og toårig gymnas frå 1922. Elles låg einaste sjukehus i Nordfjord på Nordfjordeid (Lefdalsnes 2015: 95-96).

Sør for fjorden ligg Gloppen kommune. Gloppen var ein stor skulestad der det var 12 skulekrinsar, folkehøgskule og Firda Gymnas som vart etablert i 1922. Hovudnæringane var jordbruk, frukt dyrking, skogbruk, industri og handel. Før 1886 vart Gloppen kommune slått saman med Breim kommune. Breim låg kring Breimsvatnet, der jordbruk var den viktigaste næringa, gardane var store og veldrivne. I 1964 vart kommunane igjen slått saman under Gloppen kommune (Lefdalsnes 2005:96-97).

Eg vil derfor i hovudsak bruke Gloppen for gjenstandar som kjem inn frå Gloppen og Breim, sjølv om gjenstandane kom til museet medan Breim enno var ein eigen kommune.

Lengst inne i fjorden ligg Stryn og Hornindal. Stryn er sett saman av dei seks sokna Loen, Oppstryn, Nedstryn, Olden, Innvik og Utvik. Fram til 1965 var desse områda delte inn i to kommunar, Stryn og Innvik. Staden Stryn var eit naturleg samlingspunkt i kommunen, både med tanke på bustader og eit knutepunkt i trafikken, via land og via sjøvegen. Kommunen

hadde 14 skulekrinsar, Stryn hadde og ein av husmorskulane i fylket. Næringa i kommunen var i hovudsak jordbruk og fruktdyrking, men handelsverksemd og turisme var også viktig. I Innvik var tettaste busetnad i Olden og i Innvik der kommuneadministrasjonen låg. I Innvik låg og Langvin Jordbrukskule, ein av jordbruksskulane i fylket. Elles var Innvik ein jordbrukskommune. I Olden var derimot turisme ei svært viktig næring, men også skogbruk og hagebruk. I dag er Stryn kommune den største og mest folkerike kommunen i Nordfjord. (Lefdalsnes 2015: 97 – 98).

Nord for Stryn ligg Hornindal kommune. Kommunen vart skild ut frå Eid kommune i 1867, og vart eit eige prestegjeld og lensmannsdistrikt. Kommunen hadde gode vegsamband til Sunnmøre, Stryn og Eid. Jordbruk og skogbruk var hovudnæringa, i tillegg har Honndølane markert seg som ljåsmedar og møbelprodusentar.

I 1965 vart kommunen slått saman med Stryn, men dette varte ikkje lenge, så 12 år seinare vart dei igjen ein eigen kommune (Lefdalsnes 2015: 98-99).

Kjelder:

Lefdalsnes, Per Ole

2015, Den store kommunesamanslåinga 1964 - 1965: Nordfjord, I: *Årbok for Nordfjord 2015, Årg. 24*, Nordfjord Sogelag - Sogn og Fjordane Ungdomslag - Nordfjord Folkemuseum, Sandane.

Tvinnereim, Jon & Torkjell Djupedal, Sverre Folkestad

2016, Nordfjordboka: Kulturhistorisk Vegvisar, Nordfjord Sogelag, Selja forlag.